



Høgskulen  
på Vestlandet



Foto: Are Wergeland

# Årsrapport

2017 – 2018

## Innhald:

Kapittel I Årsmelding frå styret .....	3
Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal .....	7
Kapittel III Årets aktivitetar og resultat.....	11
Resultat på nasjonale styringsparametrar .....	11
Verksemdsmål 1: HVL skal vere ein samla organisasjon .....	13
Verksemdsmål 2: HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet .....	17
Verksemdsmål 3: HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FoU-miljø som støttar opp under universitetsambisjonen.....	26
Verksemdsmål 4: HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute.....	32
Verksemdsmål 5: HVL skal ha ei av dei leiande grunnskulelærerutdanningane i Norge...	38
Verksemdsmål 6: HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga.....	42
Anna rapportering .....	49
Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda.....	53
Kapittel V Framtidsutsikter .....	58
Årsplan HVL 2018 .....	64
Verksemdsmål 1: HVL skal vere ein samla institusjon .....	64
Verksemdsmål 2: HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet .....	65
Verksemdsmål 3: HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FoU-miljø som støttar opp under universitetsambisjonen.....	67
Verksemdsmål 4: HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute.....	69
Verksemdsmål 5: HVL skal ha ein av dei leiande grunnskulelærerutdanningane i Norge .	70
Verksemdsmål 6: HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga.....	71
Kapittel VI Årsrekneskap (leiarkommentarar .....	73

### Vedlegg:

- Rapport om likestilling, diskriminering og tilgjenge
- Årsrekneskap

# Kapittel I Årsmelding frå styret

## ***Styret si overordna vurdering av 2017***

Høgskulen på Vestlandet vart, med bakgrunn i kgl.res. av 17. juni 2016, etablert frå 1.1.2017. Styret, ei vidareføring av interimsstyret som vart etablert i august 2016, har hatt ti styremøte og har handsama 103 saker i sitt første år. I tillegg til styremøta har styret hatt to styreseminar med tema knytt til førebuing til strategiprosessen.

Ved sida av styresaker knytt til årshjulet, har styret vore oppteke av at HVL får ein tenleg organisasjon til å realisere måla som ligg i fusjonsavtalen. I perioden har derfor mange saker om fagleg organisering, administrativ organisering og digitalisering vore handsama. I tråd med avtalen har ambisjonen om å utvikle HVL til eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil og med ei god regional forankring, stått sentralt som overordna mål for arbeidet.

Fusjonar er krevjande for organisasjonen, på alle måtar. Styret og leiinga er derfor nøgd med at HVL kan vise til gode resultat på strategisk viktige område i det første driftsåret for høgskulen. Som fusjonert institusjon har vi i 2017 rekruttert fleire studentar, auka studiepoengproduksjonen og uteksaminert fleire kandidatar enn dei tre institusjonane gjorde samla sett i 2016. Arbeidet med samkøying av utdanningar ei i gang. Dei tilsette sin kompetanse er aukande, HVL har fått tilslag på fleire store eksternt finansierte forskingsprosjekt, og etablering av fleire doktorgradsprogram er på trappene.

Styret merkar seg at HVL har svært mange omstillingsdyktige og engasjerte medarbeidarar som brenn for jobben sin.

## **Til stades med fagleg tyngd på Vestlandet**

Den sentrale ambisjonen for Høgskulen på Vestlandet er å sikre samfunnsnytte og kvalitet i utdanning, i forskning og i dialogen med praksisfeltet. Høgskulen skal vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet.

HVL skal òg vere ein viktig samlingsplass på Vestlandet, i alle nærregionar, og på alle campus. Vi skal drive kunnskapsdeling, inspirere, utfordre og medverke til danning.

HVL utdannar mange kandidatar med viktig kompetanse for landsdelen sitt næringsliv og som er viktige for samfunnsutviklinga. I 2017 blei det avlagt nærare 12 000 60-stp einingar. Det er fullført over 5500 studieprogram på ulike nivå, og mellom desse over 3 000 gradsgivande program på bachelor- eller masternivå.

HVL har eit omfattande FoU-samarbeid med med det regionale arbeids- og næringslivet, og vi driv formidlingsverksemd som strekkjer seg langt ut over vitskapelege kanalar og arenaer.

Kunnskapen er i bruk og til nytte i regionen.

Dialogen med omgjevnadane viser at dei tidlegare institusjonane har hatt ein sentral posisjon i sine nærregionar, og at heile regionen no har store forventningar til den nye høgskulen. Desse forventningane må forvaltast og vidareutviklast på best muleg måte.

Styret har sett etableringa av Utviklingsavtalen med KD innanfor områda *regional utvikling, institusjonsbygging og utdanningskvalitet* som eit viktig verkemiddel til å gi styrke og vidare retning for korleis utdanning og forskning ved HVL skal auke sitt bidrag til utvikling og innovasjon. Dette skal skje gjennom eit styrka samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i regionen, både i privat og offentleg sektor.

## Universitetsambisjonen – kvalitetsmålet

Universitetsambisjonen er samlande for alle tilsette ved HVL, på tvers av fag og studiestad. Hausten 2016 vart det utarbeidd eit dokument som grunnlag for fagleg plattform, profil og strategi. Våren 2017 vart det arbeidd vidare med dette dokumentet for å knyte det sterkare til universitetsambisjonen. Det vart tilrådd kompetanseheving i personalet, drift og vidareutvikling av ph.d.-utdanningar, kvalitet i utdanning og forskning og god administrativ styring knytt til ambisjonen. Styret har sagt at dette arbeidet også skal leggjast til grunn for det vidare strategiarbeidet.

Styret godkjende hausten 2017 system for kvalitetssikring av og retningsliner for ph.d.-utdanningar ved HVL. Styret godkjende òg to søknader om akkreditering av ph.d.-studium, eitt i «*Helse, funksjon og deltakelse*» og eitt i «*Responsible innovation and regional development*». Dette er heilt sentrale bidrag til realiseringa av ambisjonen om å verte eit universitet i 2023.

Universitetsambisjonen krev kvalitet i alle ledd. HVL har høge ambisjonar for utdanningskvalitet, gode studiemiljø og nøgde studentar. Styret er nøgd med at gjennomstrøyminga på bachelor- og masterutdanningar ligg godt over snittet for statlege institusjonar, men vi har ambisjonar om ytterlegare auke. Det er grunn til å merke seg at samstundes med organisasjonsbygginga, har HVL etablert den største institusjonen i Noreg for utdanning av grunnskulelærarar.

HVL har òg fått tilslag på søknader om ei rekkje forskingsprosjekt i 2017. Til dømes blei forskingsmiljøa ved HVL og Vestlandsforskning tildelt 28 millionar kroner frå Forskningsrådet til eit prosjekt om digitalisering, automatisering, robotikk og stordata. HVL har òg fått tildelt 25 millionar til eit senter for barnehagerelevant forskning. Saman med UniResearch, UIB og ei rad næringsaktørar har Mohnsenteret ved HVL fått tilskot til eit prosjekt knytt til berekraftig sjømatproduksjon. Styret og leiinga ser auke i eksternt finansiert forskning som ein kritisk suksessfaktor for å kunne realisere Universitetsambisjonen.

## Ein tenleg organisasjon

Det låg i fusjonsavtalen at det skulle byggast ein ny, samla organisasjon.

Styret vedtok i mars eit organisasjonsutviklings-program med fire hovudprosjekt og programmet har gitt viktige bidrag til opplegget for strategiprosessen, for etablering av faglege einingar (fakultet og institutt), og for tilsetting i leiande stillingar på fakultet og i leiande administrative funksjonar. Styret har også handsama eit grunnlag for prioriteringar knytt til komande digitalisering. Endeleg administrativ organisering på lågare nivå vert ferdigstilt i mars 2018.

Styret er nøgd med at faglege synergjar alt er synlege, mellom anna i arbeidet med søknader om nye doktorgradsprogram. Det er også lagt eit godt grunnlag for å utvikle administrative prosessar slik at dei gir høg kvalitet og samtidig opnar for effektivisering og automatisering.

Vekst og utvikling stiller også nye krav til dei fysiske campus. Styret har ved fleire høve diskutert vidareutvikling av campus, både knytt til reell plassmangel og til dei nye krava som følgjer av å skulle byggje ein samla organisasjon, på tvers av fem studiestader. Nytt bygg ved Campus Kronstad er vedteke. I Sogndal er Gymnasbygget under rehabilitering. Og i Haugesund er eit Maritimt senter under planlegging.

## ***Viktige prioriteringar i 2018***

Fusjonar tek mykje intern merksemd. I 2018 må HVL rette eit endå tydelegare blikk mot eksterne og relevante partar i omgjevnadane, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Styret handsama utkast til årsplan for 2018 i siste styremøtet i 2017. Her peikte styret på at det framover vert viktig å sikre handlingsrom for dei prioriterte faglege satsingane. Det kan skje gjennom å sikre god studentrekruttering på både bachelor, master og ph.d.-utdanningar, god gjennomstrøyming og høg forskingsproduksjon, slik at inntektsgrunnlaget vert godt. Men ein ser også at det er naudsynt å styre og ha kontroll med kostnadene inn mot satsingane.


Hausten 2018 skal HVL og dei fire fakulteta vedta strategiar som skal tydeleggjere korleis ein skal jobbe for å realisere måla i fusjonsavtalen og utviklingsavtalen.

Uavhengig av korleis strategien blir sjåande ut, er mykje godt arbeid allereie i gang, og i årsplanen for 2018 er det skissert mange viktige satsingar og tiltak.

Blant desse vil styret ha særskild merksemd på:

- Studentrekruttering og studentgjennomstrøyming på alle utdanningsnivå
- Vidare utvikling av den regionale rolla til HVL
- Eksternt finansiert forskning i tett samarbeid med samfunns-, næringsliv og offentleg sektor
- Samkøyring av utdanningar for å kunne utnytte fusjonsgevinstar
- Studentmobilitet, internasjonalisering og målretta EU-satsing
- Det vidare arbeidet med ny femårig grunnskulelærerutdanning
- Kompetanseheving for å løfte fleire til førstestilling og professor-/dosentstilling
- Digitalisering både i administrasjon og fagleg verksemd

Førde 8. mars 2018



Arvid Hallén (styreleiar)



Aina Berg




Kari Kjenndalen



Tom Skauge



Gunnar Yttri



Sissel Johansson Brenna



Marie Eikemo Larsen



Marit Ubbe



Christine Øye



Cecilie Fredheim



Sondre Riisøen



Trond Ueland

## Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal

1. januar 2017 slo Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund seg saman til Høgskulen på Vestlandet (HVL). Målet med samanslåinga er å byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø enn det dei tre tidlegare høgskulane ville klart kvar for seg.

HVL har i overkant av 16 000 studentar og omkring 1 650 tilsette (årsverk). Høgskulen er organisert i fire fakultet, og har undervising og FoU-verksemd på fem campusar i tre nærregionar. Med utgangspunkt i det mangfaldige kompetansefellesskapet ved dei tre tidlegare institusjonane skal HVL byggjast og utviklast til ein fagleg sterk og tydeleg kunnskapsinstitusjon.

### Nøkkeltal HVL 2017

Tal på studentar: 16 217

Årsverk: 1 647

Total omsetning i 2017:

2 119 000 000 kr

Budsjett KD 2017:

1 794 000 000 kr

### *Pådrivar på Vestlandet*

HVL tar utgangspunkt i og byggjer vidare på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar – og har nynorsk som hovudmålform. HVL skal setje spor både nasjonalt og internasjonalt og vere ein pådrivar i utviklinga av Vestlandsregionen.



HVL tilbyr eit breitt spekter av yrkesnære utdanningar. Eit viktig mål er å vidareutvikle studiestadene tett på studentar og arbeidsliv slik at den regionale utviklingsrolla vert teken betre vare på. Ved å sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt

skal HVL svare betre på dei omstillings- og endringsbehova som vil kome, gjennom å skape nye, breiare og spissare tilbod.

### ***Regional, nasjonal og internasjonal***

HVL har 4 fakultet, 17 institutt og 10 senter. Fakulteta og institutta er campusovergripande. Fleircampusorganiseringa er ein sentral del av profilen ved HVL. Den sterke koplinga til dei tre nærregionane skal gi HVL konkurransefordelar, både gjennom samarbeid på tvers – men òg gjennom ei sterkare og tydelegare samhandling med samfunns- og arbeidslivet rundt høgskulen. HVL skal vere kjend for god tverrfagleg verksemd.

HVL skal vere synleg nasjonalt og internasjonalt, og vil leggje til rette for mobilitet i alle utdanningssyklusar, samt fleksible ordningar for tilsettmobilitet.

### ***Breitt studietilbod på ulike nivå***

HVL har ei brei og solid studieportefølje med 52 bachelorprogram, 46 masterprogram og 3 ph.d.-program. Høgskulen har og sendt inn to ph.d.-søknader i 2017. Utover dette har HVL ei rekkje kortare studium og eit mangfaldig tilbod av etter- og vidareutdanningar

### ***Universitetsambisjon***

Den overordna ambisjonen for HVL er å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. Kjenneteiknet vårt skal vere anvendt og praksisnær forskning av høg kvalitet tett kopla opp mot samfunnsutfordringane. Universitetet skal ha høg relevans for samfunns- og næringsliv på Vestlandet. Målet er å søkje om universitetsstatus innan 2023.

### ***Styring og leiing***

HVL har ekstern styreleiar og tilsett rektor. Styret har 13 medlemmer. I tillegg til styreleiar er fire andre medlemmer av styret oppnemnde av Kunnskapsdepartementet. Fire medlemmer er valde av dei faglege tilsette, éin er vald blant teknisk-administrativt tilsette og tre medlemmer er valde av studentane. I tillegg har styret også med to observatørar frå dei teknisk-administrativt tilsette. Rektor er sekretær for styret og førebur sakene, og har ansvar for å setje i verk vedtaka i styret.

HVL har gjennomgåande einskapleg leiing. Det inneber at rektor er fagleg og administrativ leiar. Rektoratet består av rektor og tre prorektorar. Desse har fagleg og strategisk ansvar for sine område. Dei tre prorektorane har ansvar for kvar sitt funksjonsområde på tvers av institusjonen, og dei har ansvar for kvar sin nærregion:


- prorektor for utdanning har eit særskilt ansvar for nærregion Sogn og Fjordane
- prorektor for forskning har eit særskilt ansvar for nærregion Bergen
- prorektor for samhandling har eit særskilt ansvar for nærregion Stord/Haugesund.

I tillegg har HVL to direktørar; organisasjonsdirektør og direktør for økonomi og arealforvaltning. Det er knytt ulike administrative tenester til dei to direktørane.

Leiargruppa til rektor består av dei tre prorektorane, dei to direktørane og dei fire dekanane.

HVL arbeider med å etablere ein råd- og utvalsstruktur og vil ha dette på plass i løpet av 2018. I samsvar med UH-lova er læringsmiljøutval, skikkanemnd og klagenemnd etablert i 2017.

## Organisasjonskartet



## Dei fire fakulteta

**1. Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett (FLKI):** Ca. 6 000 studentar på campus Sogndal, Bergen og Stord

**2. Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS):** Ca. 4 600 studentar på campus Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund

**3. Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN):** Ca. 3 600 studentar på campus Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund

**4. Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS):** Ca. 2 000 studentar på campus Sogndal, Bergen og Haugesund

Alle fakulteta er campusovergripande, og alle ber store profesjonsutdanningar: lærerutdanningar, sjukepleiarutdanningar, sosialfaglege utdanningar, ingeniørutdanningar, og økonomisk-administrative utdanningar.

Alle fakulteta har tilbod på bachelor- og masternivå. I tillegg har to fakultet egne ph.d.-program (Datateknologi og Danning og didaktiske praksisar), og eit fakultet deltek i ein felles

ph.d.-grad (Nautiske operasjonar). HVL har søkt om akkreditering av to nye doktorgradsprogram (Helse og Innovasjon).

### ***Senter ved HVL***

HVL har i dag elleve senter som alle har ei konsentrert fagleg verksemd. Det er starta eit arbeid for nærmare å klargjere deira plass i den nye høgskulen. Alle fakultet har i tillegg egne forskargrupper.

- Center of creativities, arts and science in education
- Maritimt kompetansesenter
- Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling
- Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet
- Senter for helseforskning
- Senter for kunnskapsbasert praksis
- Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon
- Senter for nye medier
- Senter for omsorgsforskning, vest
- Senter for utdanningsforskning
- FOUSAM – felles FoU-eining for samhandling

### ***Administrativ organisering***

Administrasjonen i HVL skal støtte opp under den faglege aktiviteten og dei strategiske måla ved HVL. Våren 2018 vil den administrative strukturen kome på plass. Delar av administrasjonen vil bli lagt i fellestenester, medan andre tenester vert knytte tettare opp til fakulteta. Den administrative organiseringa skal tilby og sikre profesjonelle, solide og effektive tenester.

# Kapittel III Årets aktiviteter og resultat

## Resultat på nasjonale styringsparametrar

Tabellen nedanfor viser resultatutviklinga på dei nasjonale styringsparametrane frå 2016 til 2017. Dei ulike tala er nærmare kommenterte under dei einstilte verksemdsmål.

	Resultat HVL 2016	Resultat HVL 2017	Gj.snitt statlege institusjonar 2017	Sjå nærmare omtala under verksemdsmål
<b>Sektormål 1 Høg kvalitet i utdanning og forskning</b>				
Delen bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	56,5	<b>56,6</b>	47,3	6
Delen mastergradskandidatar som gjennomfører på normert tid	64,4	<b>56,3</b>	49,1	6
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten	4	<b>4</b>	4	6
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	35,2	<b>34,3</b>	34,9	6
Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk	0,48	<b>Ikkje tilgjengeleg før april</b>	Ikkje tilgjengeleg før april	3
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	4367,67	<b>Ikkje tilgjengeleg før april</b>	Ikkje tilgjengeleg før april	4 <sup>1</sup>
Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt tal studentar	0,49	<b>0,55</b>	0,96	4
<b>Sektormål 2 Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling</b>				
Delen mastergradskandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	Ikkje tilgjengeleg	<b>Ikkje tilgjengeleg før april</b>	Ikkje tilgjengeleg før april	Ikkje omtala
Bidragssinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk	43,8	<b>43</b>	159,5	2
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	105,1	<b>105,7</b>	140,3	2
Delen forskingsinnsats i MNT-fag	Ikkje tilgjengeleg	<b>Ikkje tilgjengeleg</b>	Ikkje tilgjengeleg	Ikkje omtala
<b>Sektormål 3: God tilgang til utdanning</b>				
Kandidatmåltal på helse- og lærarutdanningar	1514	<b>1614</b>	-	6
<b>Sektormål 4 Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem</b>				

<sup>1</sup> Horisont 2020 er omtala generelt under verksemdsmål 4. Styringsparametrane er ikkje kommenterte direkte i og med at vi ikkje har desse tala.

Tal studiepoeng per fagleg årsverk	615	<b>600</b>	440	6
Del kvinner i dosent- og professorstillingar	37	<b>41,3</b>	29,4	Vedlegg: Rapport likestilling, diskriminering og tilgjenge
Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	14,6	<b>13,4</b>	17	3

I det vidare vert det gitt ei skildring av HVL sitt arbeid og prioriteringar knytt til dei seks verksemdsmåla.

## Verksemdsmål 1: HVL skal vere ein samla organisasjon

Året 2017 var eit år for å avvikle gamle og etablere nye organisasjonseiningar. Dette skulle skje delvis på tuftene av dei tre tidlegare institusjonane, men også på heilt nye fundament. Styrande for dette arbeidet var målet om å utvikle éin organisasjon.

Styret etablerte vinteren 2017 eit eige organisasjonsutviklingsprogram til å handtere eit sett av utfordringar knytt til etableringa av HVL. Programmet hadde fire hovudprosjekt:

1. Førebuing av strategiprosess
2. Fagleg organisering
3. Administrativ organisering
4. Digitalisering

Fleire mindre og større delprosjekt var knytte til kvart av hovudprosjekta. OU-programmet rapporterte jamleg direkte til rektor, og leverte også rapportar undervegs til styret på sentrale problemstillingar. Berre i eitt av prosjekta - digitalisering - vart det nytta ekstern konsulenthjelp i prosjektleiinga.

Grunnleggjande for arbeidet med å etablere HVL som éin organisasjon var dei tidlege drøftingane av eit felles verdigrunnlag. Sentralt her ligg ønsket og forpliktinga om å dele. Dette er basis for tillit på tvers av gamle institusjonsgrenser. Det er ingen grunn til å meine at ein dei komande åra vil kunne sjå bort frå slike verdiar, sjølv om det første året har vore vellukka. Fusjonar kan vedtakast. Organisasjonar må byggast.

### *Førebuing til strategiprosessen*

OU-programmet har ikkje hatt eitt bestemt prosjekt knytt til det å utvikle HVL til éin organisasjon. Dette har prega alle fire hovudprosjekta. I arbeidet med førebuing til strategiprosessen stod særleg tre spørsmål fram for å sameine blikket til leiarar - både gamle og nye:

- Universitetsambisjonen
- Kulturutvikling gjennom leiarutvikling
- Eksterne drivarar; særleg digitalisering

Universitetsambisjonen – kopla til det nære og regionale – var den ambisjonen dei fleste tilsette flokka seg kring i fusjonsprosessen. Dette er framleis samlande for tilsette på tvers av studiestader. Arbeidet med etablering av nye studium og kompetansehevingstiltak har starta og held fram i 2018.

Leiarutvikling og utvikling av leiargrupper vart tidleg peika på som avgjerande når desse gruppene måtte bli samansette på tvers av ein langstrekt region, frå nord i Rogaland til grensa til Møre og Romsdal. Arbeidet med leiarutvikling er starta og held fram i 2018.

Internasjonale utviklingstrekk som migrasjon, økonomi, klima og teknologi påverkar også UH-sektoren. I strategiførebuingane har HVL retta eit særleg blick mot dei endringane som følgjer av omfattande digitalisering av både administrative og faglege prosessar. Internt var det å etablere ei sams oppfatning av kva dette vil seie for oss, ein viktig prosess i OU-arbeidet. Digitalisering er utover strategiførebuingane også tema for eit eige hovudprosjekt. Dette held fram i åra som kjem.

Førebuingane til strategiprosessen vart avslutta i august, og strategiarbeidet starta hausten 2017. Arbeidet har fått sin eigen prosjektorganisasjon som skal samordne eit omfattande sett av eksisterande mål på nasjonalt og institusjonelt nivå, meisle ut tydelegare mål, velje strategiar på institusjons- og fakultetsnivå og setje desse i verk i form av forpliktande handlingsplanar. Arbeidet med strategiane er venta avslutta sommaren 2018.

### ***Fagleg organisering***

Etableringa av den faglege strukturen handla for det første om tenleg storleik og innretting av fag knytt til fakulteta. Styret vedtok fire fakultet:

- Fakultet for ingeniør- og naturvitskap
- Fakultet for helse- og sosialvitskap
- Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap
- Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Den valde faglege strukturen er kjenneteikna av å ikkje følgje geografien. Alle fakultet er til stades på minst tre studiestader. Dekanar kom på plass formelt frå 1.8.17.

Instituttstrukturen vart greidd ut gjennom våren og sommaren, men kunne ikkje endeleg fastsetjast før dekanane var på plass. Fakulteta har vald noko ulike instituttstrukturar. Endeleg struktur vart vedteke i september. Dei ti faglege sentera som fanst på fusjonstidspunktet, er vidareførte. Innretninga av desse, og tilknytninga til den faglege strukturen elles, skal vurderast i samband med strategiprosessen i 2018.

HVL har som mål å hente ut det beste frå dei tidlegare høgskulane. Samordning av fag på tvers av campusar der det er mogeleg, er eitt slikt tiltak. Prosjektet «Fagleg organisering» hadde også som mål å starte arbeidet med samordning av fag og studietilbod. Våren 2017 vart det lagt ned eit betydeleg arbeid med å førebu desse omfattande prosessane. Det synt seg, med nokre få unntak, vanskeleg å kome i gang med dette arbeidet før den faglege organisasjonen hadde sett seg noko. Dette arbeidet vil få meir merksemd i 2018.

### ***Administrativ organisering***

HVL har einskapleg leiing. For delar av den nye organisasjonen er det nytt. Dette ser ein også att i tilnærmingane til den administrative organiseringa. Viktige drøftingspunkt har vore tilhøvet mellom fellesadministrasjon og fakultetsadministrasjon, og i kva grad dekanane skal ha styringsrett til eige administrativt personale. Fusjonspartnarane hadde ulike erfaringar, noko som også har prega ståstadene til leiarar både i faglege og administrative roller. Stadleg leiing per nærregion for visse administrative område har også vore tema i drøftingane.

Gjennom hausten har ein gjennom eit funksjonsprogram sortert ut og kopla saman administrative funksjonar, og gjort klart for innplassering av administrativt tilsette. I samband med dette er den administrative kapasiteten og kompetansen kartlagt, til bruk i innplasseringa. Endeleg administrativ struktur er venta vedteken tidleg i mars 2018.

I samband med administrativ organisering har ein også gjennomført kartlegging av om lag 200 administrative prosessar, teikna ut desse som prosessar, knytt ulike roller til desse og laga eit digitalt grafisk grensesnitt. Dette er eit særskilt viktig grunnlag for arbeidet med lik tenestekvalitet på tvers av studiestader, redusert sårbarheit ved vakansar og, ikkje minst, førebuing til omfattande digitalisering. Ein betydeleg del av dei kartlagde prosessane er

relativt enkle å digitalisere. Ein viktig - og tilsikta - kulturbyggjande effekt av dette arbeidet er at store delar av det administrative personalet har vore involvert i prosesskartlegginga, på tvers av studiestader og nærregionar.

## Digitalisering

Det siste hovudprosjektet var knytt til digitalisering. Dette prosjektet handla både om å skaffe seg oversikt over infrastrukturen slik den fanst, leggje til rette for digital samhandling på tvers av geografi og prøve ut ulike tilnærmingar til digitalisering både i administrative og faglege prosessar.

Det synte seg snøgt at dei tre tidlegare institusjonane hadde lagt ein god IT-infrastruktur. Denne, saman med betydeleg samanfall i store system, gjorde overgangen overkomeleg frå dag 1. Likevel er det på mange felt trong for betydeleg innsats for å forenkle samhandling på tvers av campusar.

Nokre slike utfordringar er løyste i 2017, medan andre er så utstyrsbundne at vi vil tilrå at høgskulen må leve med nokre mindre effektive løysingar til utstyret skal skiftast.

Dei siste åra har også samhandlingsteknologien blitt betydeleg betre, billegare og meir tilgjengeleg. Eit svært stort tal møte på tvers av nærregionar og studiestader er gjennomførte digitalt. Utan slik teknologi tilgjengeleg, ville fusjonsarbeidet vore mykje vanskelegare, meir ressurskrevjande, mindre miljøvenleg og langt meir fysisk farleg på vestlandske vegar. Kompetansen i bruk av slike samhandlingsløysingar har stege raskt gjennom året. Arbeidet med å ta i bruk slike løysingar held fram, i takt med behov og tilgang på utstyr.

I samband med kartlegging og samordning av administrative prosessar er det prøvd ut - og etter kvart sett i drift - robotiserte og automatiserte administrative prosessar. Vi ser at det framover er rom for å flytte administrativ kapasitet til område der våre tilsette finn oppgåvene meir meningsfulle. Det er tilrådd etablering av eit team med ansvar for standardisering og kontinuerlig forbetring av prosessar.

Kvar av dei fusjonerande partane hadde - med noko ulik tyngd - levert undervisningstenester på nett, synkront og asynkront, før fusjonen. Gjennom forsøk har vi testa ut ulike tekniske løysingar, også i praktiske



Bare ved avdelingen Trude Engebretsen er kontorsjef for, har det vært 1400 kontrakter til timelærere årlig som skal registreres i arkivsystemet. Nå håper hun at en robot kan hjelpe til med arbeidet. Se roboten i aksjon nederst i saken (Marianne Mathiesen)

## En robot til tjeneste

Hva om en robot kunne registrere alle gjesteforeleserkontraktene? tenkte Trude Engebretsen. Digitaliseringsprosjektet har utviklet en robot som klarer nettopp det.

Faksmile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no): I digitaliseringsprosjektet har det mellom anna blitt utvikla ein robot som kan registrere kontraktar for gjesteforeleserar

fagemne, for å identifisere og prioritere utviklingsbehov både teknisk, administrativt og fagleg. Vi har sett at det er trong for styrking av støtta til dei som skal drive med undervisning, læring og forskning i digitale miljø. Eit sentralt tiltak som er tilrådd, er derfor etablering av ei eining for utvikling av undervisning og læring i ein digital kvardag. Ei slik eining er ikkje stadbunden. Val av nytt LMS var ikkje del av digitaliseringsprosjektet i OU-programmet, men førebuingane til start av eit nytt LMS vart undervegs formelt kopla til dette. HVL tek i bruk Canvas frå august 2018.

Utover merksemda kring digitalisering i OU-programmet er det gjennomført viktige tiltak på IT-sida som har bidrege sterkt til etablering av felles løysingar og ei kjensle av å vere éin organisasjon. Felles brukarkatalog (t.d. Feide) for einskapleg grensesnitt mot eksterne system (t.d. SAP, Basware, m.fl.), samt implementering av felles interne system har vore viktig både instrumentelt og institusjonelt. Det kan synest sjølvstøtt at felles samhandlingsverktøy og epost-system er naudsynte i ein fusjonerande organisasjon, men jobben med å få det på plass må gjerast.

### ***Endringsarbeid, ressursar og effektar***

OU-programorganisasjonen var liten. Talet på engasjerte var høgt. Svært mange av dei engasjerte hadde endringsarbeidet som sin andre- eller tredjeprioritet. Det viktigaste var å syte for god undervisning, forskning og administrativ støtte til dette. Mange har kjent tungt på utfordringane med å balansere drift og utvikling. Studentane skulle ikkje verte belasta med utviklingsprosessar dei ikkje burde merke. Tilsette skulle trivast. Viktige interessentar i omgjevnadane skulle takast vare på.

Tal studentar er ikkje påverka negativt av fusjonen (sjå verksemdsmål 6 for detaljar). Sjukefråveret blant tilsette har ikkje auka. Lite tyder òg på at HVL har tapt omdøme i dette endringsåret. Men starten av strategiarbeidet og dialogen med omgjevnadane tyder på at vi ikkje kan tilfredsstille forventninga om utvida dialog med regionen, utan å setje av ekstra ressursar til dette. Også på andre område der eigar og storsamfunn krev kapasitetsauke og kvalitetsheving, vil vi bli utfordra som organisasjon framover. Det krev enten auka ressurstillgang, eller betydeleg effektivisering i eksisterande einingar, eller ein kombinasjon av dette. Truleg må ein vere budd på auka samla ressursbruk på kort sikt, for å nå meir langsiktige mål om effektivisering, forenkling og kvalitetsauke.



*Styret har vore tett på arbeidet i OU-programmet, og handsama ein evalueringsrapport i sitt første møte i 2018.*

## Verksemdsmål 2: HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet

I 2017 har HVL vore særleg oppteken av følgjande tiltak som blei fastsette i årsplanen:

- Vidareføre det gode samarbeidet med arbeids- og næringslivet i regionen og vidareutvikle samarbeidsstrukturar.
- Utvikle sterke og dynamiske forskingsmiljø på tvers av nærregionar, fag og profesjonar.

### Tett på regionen

HVL har eit utstrekt samarbeid i Vestlandsregionen. Mykje av arbeidet i 2017 har vore brukt til å rigge seg til for framtida. Utdanning og anvendt forskings- og utviklingsarbeid tar som kjent utgangspunkt i ein nær dialog med offentleg og privat sektor, både gjennom etablerte arenaer, nettverk og konkrete prosjektsamarbeid som dei tre tidlegare høgskulane har utvikla over tid.

Det har vore gjennomført vesentlege organisatoriske grep i HVL for å styrke kontaktflata og samarbeidet med samfunns- og arbeidslivet. Høgskulen har gitt éin av prorektorane eit dedisert institusjonelt ansvar for samhandling og samfunnskontakt. I tillegg er dei tre prorektorane gitt eit ansvar for samhandlinga med arbeidslivet i kvar sin nær-region. Dette skal skje i nært samspel med dei fire fakulteta.

Når det gjeld Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA), vil arbeidet bli sett i lys av nye kompetansepolitiske samarbeidsmodellar som fylka på oppdrag av Kunnskapsdepartementet no tek initiativ til. Det vil i dette arbeidet òg bli vurdert eigne RSA i kvar nær-region, og gjennom råd- og utvalsstrukturen vil ein vurdere om ein skal etablere eigne RSA også for fakulteta.

Ein ny institusjon med fem campusar i tre fylke krev god koordinering og samkøyring mot tre fylkeskommunar og fleire vertskommunar, og ikkje minst, eit mangfaldig arbeidsliv, som veks og utviklar seg ut over geografiske grenser.


Det har gjennom heile året vore gjennomført mange møte med ulike samarbeidsaktørar i arbeids-, samfunns-, og næringsliv i dei tre nærregionane. Interesse og forventningane til den nye høgskulen er store.

Fleire av aktørane peikar på at samhandlinga må styrkast og at den nye



Lene Jørgensen er Førsteamanuensis ved HVL og fagansvarlig for LEAN-studiet som raskt ble fulltegnet.

Den nyetablerte videreutdanningen på Høgskolen i fagfeltet LEAN ble raskt fulltegnet.



Faksimile frå nyhendebrev til Haugesundsregionen næringsforeining.

høgskulen framleis må vera «tett på» dei tre nærregionane, sjølv om ein i nokre periodar bruker mykje kraft og kapasitet til å byggje og utvikle høgskulen. Mange av samarbeidsaktørane er oppglødde over universitetsambisjonen, og tilfredse med at den er tett kopla mot det praksisnære og anvendt forskning.

Fleire peikar på at det i tida framover må vere lett for omverda å kontakte høgskulen på ulike nivå. Frå det offentlege vert det signalisert at ein ønskjer draghjelp i arbeidet med forskingsstrategiar og også med utvikling av offentleg ph.d.-grader Det kjem òg klare ønske om fleire fleksible studietilbod på alle nivå, som bør distribuerast i alle regionar. Digitalisering, deling og campusutvikling er andre sterke signal inn mot HVL.

### **Kunnskap i bruk**

Høgskulen vert ofte involvert og teken med i viktige forum og prosjekt i regionen. Å leve «tett på» regionen gjer at høgskulen lettare fangar opp og avstemmer ulike behov – for å kunne tilby gode og relevante etter- og vidareutdanningar og ta del i prosjekt av ulik karakter. Gevinstane av dette er store: vi sikrar relevans i studieporteføljen, vi bidreg til regional vekst og utvikling, og vi får mulegheit til å drive eit utstrekt arbeid med kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling. Og med satsingar som NFR-programma FORKOMMUNE, HELSEVEL etc., blir vi ein naturleg samarbeidsaktør også når det gjeld FoU.



Fra venstre: Sunniva Dehli, Martine Brockstedt Berg og Grete Eliene. Foto: Silje Østerba

### **Byggstudenter gir energiråd til boligeiere i Bergen**

70 bygg- og energiteknologistudenter fra Høgskulen på Vestlandet får energirådgiverkurs mot at de påtar seg gratis energirådgivningsoppdrag for boligeiere i Bergen.



Faksimile frå [www.bygg.no](http://www.bygg.no).

### **«Sogn og Fjordane-modellen» skapar gode samfunn**

Sogn og Fjordane er kjent som trivselsfylket, som hamnar i rett ende på dei fleste statistikkane for livskvalitet. Ein grunn til at me kjem godt ut, er det tette samarbeidet mellom offentlege og private aktørar gjennom «Sogn og Fjordane-modellen». Korleis klarar me å ta vare på kvalitetane når dei gamle fylkesinngane vert slegne saman til større einingar? Og klarar me å bruka modellen til å løysa dei store samfunnsutfordringane med klimaendringar, integrering og å ta vare på utsatte born og unge? Målet må vera at «Sogn og Fjordane-modellen» vert utvi-

I praksis lagar me faste nettverk på område me meiner treng eit løft, der dei viktigaste aktørane samarbeider om felles mål. Oppgåvene til samarbeidsforuma er å finna ut kva som eigenleg er problema, danna felles målsetnader og så setja i verk konkrete tiltak for å nå måla.

Døme på andre slike nettverk er:

- Forum for folkehelse, helse og omsorg, med regionråda, Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet, fylkeskommunen, Fylkesmannen, Nav, brukarrepresentant og samhandlingskoordinator

Framover er det brei semje om at dei viktigaste utfordringane for samfunnet er klimaendringar, integrering og å ta vare på utsatte born og unge. Derte er samansette utfordringar, der mange fagfelt har delansvar på tvers av departement, direktorat, regional forvaltning og kommunale tenester.

Då Jørgen Kosmo var riksrevisor, sa han at mangelen på samhandling og på makt og mynde til å samordna, er den største utfordringa for styringa av landet. Både den første maktutgreininga frå byriinga

Når offentlege verksemdar i Sogn og Fjordane no vert slegne saman med svarande verksemdar i Hordaland, det ha fordelar, til dømes breiare fag lje og meir spesialisering. Men det også ha ulemper, til dømes at kompe se og samarbeidsformer går tapt. F få til gode samanslåingar må me ta på dei beste kvalitetane i kvar av o nisasjonane, også dei kvalitetane ikkje følgjer av uttrykkjelege oppd For Sogn og Fjordane er samarbeids turen ein slik kvalitet.

Faksimile frå *Ytre Sogn avis*.

Ein ekstra gevinst er at høgskulen også får tilgang på kompetente rettleiarar og gjesteforelesarar frå arbeidslivet inn i kjerneverksemda. Vidare får høgskulen tilgang til kanalar og møteplassar for rekruttering av studentar både til

vidareutdanningar, kopling mot bedrifter for å utføre bachelor- og masteroppgåver, mulegheiter for delte stillingar og samarbeid om seminar og andre arrangement.

HVL har ein stor og brei kunnskapsproduksjon og formidling som strekkjer seg langt utover vitskapelege kanalar og arenaer. Dette viser seg gjennom å vera pådrivar og deltakar på ulike arrangement, seminar, debattar, opne førelesingar, karrieredagar, faglunsjar, skulebesøk, open dag, doktorgradspresentasjonar, kronikkar, rapportar, bloggar, musikk-lunsjar, mediekontakt, student presentasjonar mm. Målet med denne kunnskapsspreiinga er å synleggjere kjerneverksemda vår - og tilføre samfunnet og det store publikum nyttig og relevant kunnskap. Høgskulen har som mål å vere ein viktig samlingsplass på Vestlandet, i all nærregionar og på alle campus. Høgskulen skal drive kunnskapsdeling, inspirere og utfordre - og medverke til danning.



Dei som har jobba med fylkessoga er (frå venstre): Hans Jacob Orning (UiO), Harald Endre Tafjord (Høgskulen i Volda), Ola Svein Stugu (NTNU), Harald Krøvel (Høgskulen i Volda), Jan Anders Timerlid (HVL), Hege Roll-Hansen (HVL), Oddmund Hoel (HVL) og Dag Grønnestad (Fagbokforlaget). Fremst: fylkesordførar Jenny Følling og rektor for HVL, Berit Rokne.



**Katrine**  
Rådgjeva  
FoU

Publisert 1

Endra 18.1

## Soga om Sogn og Fjordane blei overlevert og feira

- Vi må forstå historia vår for å kunne forme framtida, sa fylkesordførar Jenny Følling då ho fekk overrekk fylkessoga frå rektor Berit Rokne.

*Faksmile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no): Fylkestinget i Sogn og Fjordane løyvde i desember 2010 åtte millionar kroner til arbeidet med fylkessoga. No er verket levert*

## Sterke forskingsmiljø

HVL dekker store delar av Vestlandsregionen. Den profesjons- og arbeidslivretta profilen vår gir oss ein unik mulegheit for å utvikle regionalt forankra FoU-arbeid på tvers av fag og profesjonar, gjerne i nært samarbeid med arbeids- og næringslivet.

Kartlegginga av utdannings- og forskingsaktivitet som er gjort gjennom fusjonsprosessen, har synleggjort at HVL har mange sterke og dynamiske forskingsmiljø. Det trer også fram nokre synergiområde på tvers av dei tradisjonelle fagstrukturane med potensial for vidare utvikling av utdannings- og forskingsmiljøet ved HVL. Desse omfattar faglege område der HVL er sterk i dag, samstundes som dei òg representerer det særleine i den regionale forankringa på Vestlandet. Her ligg det store mulegheiter til å løyse ut gevinstar i samspel med næringslivet, offentleg sektor og dei regionale klyngene.

Dei tverrgåande synergiområda, slik dei er presenterte nedanfor, byggjer på breie utdanningstilbod og solide fag- og forskingsmiljø i HVL. Dei seks områda er eit av fleire basiselement som dannar grunnlag for det faglege strategiarbeidet ved HVL både på institusjon- og fakultetsnivå, særleg med sikte på å styrke og realisere den profesjons- og arbeidslivretta profilen til høgskulen.

## Samla oversikt over synergiområda

<b>Profesjons- og arbeidslivretta profil</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Profesjonskunnskap</li><li>- Profesjonsetikk</li><li>- Innovasjon og fornying</li><li>- Dynamiske karriereveggar</li><li>- Samspel praksis - forskning</li></ul>	<b>Berekraftig utvikling og sikkerheit</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Samfunn</li><li>- Økonomi</li><li>- Miljø</li><li>- Omstilling</li><li>- Risiko</li></ul>	<b>IKT som mulegheitsområde</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Fag</li><li>- Samfunn og organisasjon</li><li>- Teknologiutvikling</li><li>- Læring og undervisning</li><li>- Helse og velferd</li></ul>
<b>Det profesjons- og arbeidslivretta universitetet</b>		
<b>Ansvarleg innovasjon og regional omstilling</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Region verdiskaping</li><li>- Berekraft</li><li>- Samfunnsansvar</li><li>- Teknologibruk</li><li>- Helse, oppvekst, omsorg</li></ul>	<b>Danning</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Verdier og kultur</li><li>- Endring og utvikling</li><li>- Kritiske perspektiv</li><li>- Demokrati og relasjon</li><li>- Estetikk</li></ul>	<b>Brukarmedverknad</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Relevans og kvalitet</li><li>- Fagleg synergi</li><li>- Involvering/medverknad</li><li>- Openheit</li><li>- Demokrati</li></ul>

## God utteljing i eksterne prosjekt

I fusjonsåret 2017 har HVL hatt god utteljing på søknader om FoU-prosjekt, med fleire store forskingsprosjekt i NFR og RFF. Det er lagt ned mykje innsats og ressursar frå både fagleg og administrativ knytt til eit stort omfang søknader.

Tabellen under viser at vi har fått gjennomslag på 13 søknader med ein totalsum som rundar 100 millionar kroner.

Tabell 3.2.1 Nye prosjektløyvingar frå Norges forskingsråd (NFR) og Regionalt forskingsfond (RFF) i 2017, HVL som prosjekteigar

<b>Program</b>	<b>Prosjekt</b>	<b>Region</b>	<b>Løyving</b>
Klimaforsk	Personal Overseas Research Grant: Local crowdfunding for a low-emission society	B	105 000
Nano21	International Symposium on Nano materials for Clean energy and Health Applications (ISNCHA-2017)	B	100 000
RFF	Drivers of regional economic restructuring: Actors, institutions and policy	B	5 000 000
FINNUT Kjernemiljø	Kindergarten Knowledge (KINDKNOW)- Centre for systemic research on Diversity and Sustainable Futures [Senter for barnehagekunnskap]	B	25 000 000
FINNUT	Learning about teaching argumentation for critical mathematics education	B	11 920 000
SAMKUL	Interkulturell lærarkompetanse i klasserommet - motvekt mot gruppebaserte fordommar i skolen?	B	6 868 000
FINNUT	DIGISUS - Building Sustainable Digital Practices in Kindergarten Literacy and Arts Programmes. (kompetanseprosjekt)	SH	7 900 000
FRIHUMSAM	TRAUM - Utanlandsopphald	SF	138 000
MAROFF-2	HUMANE - Human Maritime Autonomy Enable	SH	12 000 000
NFR PES	Prosjektetableringsstøtte PES Rammebevilgning 2017	B	1 000 000
STIMULERING STILTAK OA	Publiseringsfond – Open Access	B	88 000
FORRGION	TEKNOLØFT Sogn og Fjordane	SF	30 000 000
			<b>100 119 000</b>

Eit døme er prosjektet *Kindergarten Knowledge (Kindknow) - Centre for Systemic Research on Diversity and Sustainable Futures*, eller *Barnkunne – Senter for barnehagekunnskap* på norsk. Senteret skal forske på mangfald og utdanning for ei berekraftig framtid i barnehagen, både nasjonalt og internasjonalt.

Forskningsrådets utdanningsprogram, FINNUT, fekk inn seks søknader frå ulike utdanningsinstitusjonar i landet, men berre to institusjonar nådde heilt til topps; HVL og Universitetet i Stavanger. Til saman får dei to sentera 50 millionar kroner til barnehageforskning, og ifølge Kunnskapsdepartementet har det aldri før blitt gitt så mykje pengar til dette området.

Eit anna døme er prosjektet *TEKNOLØFT* i Sogn og Fjordane. Her er forskingsmiljøa ved HVL og Vestlandsforskning tildelte opp mot 28 millionar kroner i støtte frå Forskningsrådet til eit prosjekt om digitalisering, automatisering, robotikk og stordata.

Prosjektet skal gå over seks år, og vil først og fremst byggje kompetanse ved dei to institusjonane. Det vil bli fleire med doktorgrad, fleire professorar og seniorforskarar innan teknologifeltet. Forskarane vil gjennom prosjektet jobbe tett



HVL-professor Elin Eriksen Ødegaard skal leie det nye senteret for barnehagerelevant forskning.

## HVL får senter for barnehagerelevant forskning

HVL har fått tildelt rundt 25 millionar kroner til eit nytt senter for barnehagerelevant forskning.

*Faksimile [www.hvl.no](http://www.hvl.no): NFR/FINNUT: Kindergarten Knowledge (Kindknow) - Centre for Systemic Research on Diversity and Sustainable Futures*



Merete Lunde, direktør ved Vestlandsforskning, og Erik Kyrkjebø, prosjektleder for Teknoløft. Foto: Silje Lunde Nesdal

## Teknologiløft for Sogn og Fjordane

Forskningsmiljøa ved HVL og Vestlandsforskning er tildelte opp mot 28 millionar i støtte frå Forskningsrådet til eit prosjekt om digitalisering, automatisering, robotikk og stordata.

*Faksimile [www.hvl.no](http://www.hvl.no): NFR/FORREGION: Teknoløft Sogn og Fjordane. 30 mill*

med næringslivet i fylket for å spreie kunnskap, ta imot innspel og utvikle konkrete prosjekt i fellesskap.

Eit tredje døme er prosjektet **MAROFF HUMANE - Human Maritime Autonomy Enable** som skal forske på mennesket si rolle på autonome skip, med ei ramme på 12 millionar kroner. Prosjektet er treårig. Kystverket og Sjøfartsdirektoratet i Haugesund er tett kopla på prosjektet. Studentar skal òg vere med inn i prosjektet gjennom masteroppgåver og ny og oppdatert kunnskap i undervisninga.



Faksimile [www.hvl.no](http://www.hvl.no): Tildeling frå NFR/MAROFF2: HUMANE - Human Maritime Autonomy Enable.

HVL-tilsette er i tillegg deltakarar/partnarar i mange eksterne prosjektsøknader. Desse representerer også store prosjekt. Tabellen nedanfor gir eit døme på kva prosjekt og kva samarbeidspartnarar forskingsmiljøa har. Mellombelse tal syner sju store løyvingar til slike prosjekt, der også tilsette frå HVL er med.

Tabell 3.2.2: Døme på nye løyvingar NFR i 2017, HVL som partnar (løyving syner total prosjektløyving)

Program	Prosjekt	Prosjekteiger	Løyving
Helsevel	Resultatevaluering av Omsorg2020	UiO	11 402 000
FORREGION Kapasitets-løft	KAPASITETSLØFT FOR BÆREKRAFTIG INNOVATIV SJØMATPRODUKSJON, KABIS V18	UIB-BIO/Uni	30 000 000
Finnut	ARGUMENT - Allmenndannende realfag gjennom utforskning med ekte og nære tall	Bergen Kommune	6 000 000
HELSEVEL	CHAPAR Challenges of participation when service users autonomy is challenged/ restricted in health and welfare services.	VID	11 682 000
MAROFF-2	Secure, Efficient and Safe maritime traffic Management in the Straits of Malacca and Singapore (SESAME II), Solution 2	KONGSBERG NORCONTROL AS (innovasjonsprosjekt i næringslivet)	10 000 000

MAROFF-2	Fjernassistanse til maritime fartøy (REMote Ship ASsistance)	SAFEPTH AS, Møre og Romsdal (innovasjonsprosjekt i næringslivet)	12 000 000
----------	--	--	------------

Eit døme på dette er NFR/FORREGIO-prosjektet for meir berekraftig og innovativ produksjon av sjømat. Her er Mohnsenteret ved HVL éin av aktørane bak eit nytt innovasjonsprosjekt, som no har fått ei milliontildeling frå Forskingsrådet.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Mohnsenteret, Uni Research (prosjektleiar), Universitetet i Bergen og ei rekkje næringsaktørar.

Prosjektet får 12 millionar kroner dei tre første åra, og mulegheit til å få ytterlegare 15 millionar for dei tre neste. Det samla budsjettet er på om lag 52 millionar kroner. Tildelinga vil innebere nye faglege stillingar på HVL. Dette skal gjere det muleg for Høgskulen å bidra til innovasjon og omstilling i havbruksnæringa.



Jens Kristian Fosse ved Mohnsenteret koordinerar HVL sitt bidrag til prosjektet som no har fått ei milliontildeling.

### Millionar til prosjekt om berekraftig sjømat

*Faksimile [www.hvl.no](http://www.hvl.no): NFR/FORREGION: KABIS – Kapasitetsløft for bærekraftig og innovativ sjømatproduksjon*

Summert opp syner resultatutviklinga at det trass i hardt arbeid med fusjonen også har blitt jobba særst godt med å realisere store eksternt finansierte prosjekt. Søknadsaktiviteten har vore stor. HVL har ein gjennomslagsprosent (suksessrate) som ligg på landssnittet, og mykje handlar om å utvikle fleire søknader. Dei gamle universiteta drar opp snittet for eksterne tildelingar i sektoren som heilskap. HVL ligg på nivå med dei nye universiteta og samanliknbare høgskular.

Eksternt finansierte prosjekt er ei viktig kjelde for kompetanseheving, samarbeid, utvikling av faglege nettverk, og som eit fundament i universitetsambisjonen. Det er potensial for å auke omfanget på eksternt finansierte aktiviteten ytterlegare. Dette er også ein kritisk suksessfaktor for å realisere ambisjonen om å verte universitet.

Tabell 3.2.3: Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Nøkkeltal	2016	2017
Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per faglege årsverk (1000 kr)	43,8	43
BOA utanom EU/NFR per faglege årsverk/1000 kr	105,1	105,7

BOA frå næringsliv (1000 kr)	26 243	17 693
BOA frå det offentlege (1000 kr)	72 661	89 046
BOA som del driftsinntekter (%)	7,9	7,8

Kjelde: KD-portalen/DBH

Når det gjeld kommersialisering, tar òg HVL gode steg, slik tabellen nedanfor viser. Talet på forretningsidear er sterkt aukande, men tala syner også at det å ta steget vidare frå ein forretningside til kommersialiseringssteg, er krevjande. Aktivitetane er nok langt meir innretta på forskning enn kommersialisering. Her er også potensial for å hente ut meir.

Tabell 3.2.4 Kommersialiseringsaktivitet i 2017

Parameter	Resultatutvikling:	
	2016	2017
Patentsøknader	0	0
Patentar	0	0
Forretningsidear	9	22
Bedriftsetableringar	2	4
Lisensieringsavtalar	0	0

*Kjelder: NSD, Mohnsenteret, BTO, Valide, Kunnskapsparken,*



Tomas Roaldsnes, Eirik Dragaund Sverd, Marte Rosenvinge og Maria Steen har fått støtte til å realisere to ulike prosjekt.  
Foto: Hedvig Myklebust

### Millionar til studententreprenørskap

Faksimile [www.hvl.no](http://www.hvl.no): Studentar fekk midlar frå NFR til gode forretningsidear.

### Verksemdsmål 3: HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FoU-miljø som støttar opp under universitetsambisjonen

Forskning og fagleg utviklingsarbeid ved HVL skal ha ein internasjonal dimensjon, og vere kjenneteikna av eit tett samarbeid med samfunns- og næringsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt. 2017 har vore eit år der den faglege og administrative organisasjonen ved HVL er bygd samtidig med at dei mange samarbeidsrelasjonane og prosjekta ved institusjonen har blitt utvikla og førte vidare gjennom deltaking i nye nettverk, nye medlemskap og, ikkje minst, ved etablering av nye store forskings- og utviklingsprosjekt.

I 2017 har HVL hatt fokus på følgjande tiltak som blei fastsette i årsplanen:

- Utarbeide plan for universitetsambisjonen
- Kartlegge kompetansebehov jf. universitetsambisjonen
- Leggje til rette for å etablere nye forskargrupper
- Målretta bruk av rekrutteringsstillingar
- Drive og utvikle ph.d.-program på sentrale fagområde for Høgskulen på Vestlandet

#### *Plan for universitetsambisjonen*

I sak 056/17 til høgskulestyret (15.06.17) la prosjektgruppa fram sin sluttrapport «Realisering av universitetsambisjon». Rapporten viser at arbeidet mot universitetsstatus omfattar mykje meir enn tilstrekkeleg omfang og breidde på ph.d.-utdanningar. Basert på gjeldande regelverk og informasjon om noverande status, presentere prosjektgruppa særlege tiltak og prioriterte område, for å kunne realisere universitetsambisjonen innan 2023:

*«For å nå ambisjonen om å søkje om å bli et profesjons- og arbeidslivsrettet universitet innen 2023, må HVL i stor grad prioritere faglige og økonomiske ressurser ut fra en klok og helhetlig strategi. Delprosjektgruppen anbefaler at man både jobber politisk og strategisk for å sikre de økonomiske rammene for dette prosjektet. Politisk, ved å kreve bedre økonomiske rammevilkår for de nye universitetene. Strategisk, ved å setje av tilstrekkelig med midler av eget budsjett til målrettede tiltak for realisering av universitetsambisjonen, samt øke ekstern finansiering for å utvide de økonomiske*



*rammene. Tidsplanen om å søke om akkreditering som universitet innen 2023 legger til grunn at de 2 planlagte ph.d.-studiene akkrediteres ved første forsøk, og at resten av institusjonen bygger seg opp på de områdene som er omtalt under punkt 4 i denne rapporten. Det må legges til rette for at alle tiltak implementeres ved HVL innen 2023 dersom ambisjonen skal kunne realiseres»*

Rapporten kom med ei rekkje tilrådde tiltak knytt til kompetanseauke i fagmiljøa, utvikling og etablering av ph.d.-utdanningane og generell kvalitetsauke i forskning og utdanning.

I etterkant av denne utgreiinga er det vedteke å følgje denne opp med nye organisasjonsprosjekt knytt til universitetsambisjonen, som skal gje eit systematisk trykk og framdrift i prosessane. Dette tek til i 2018. Det er også sendt to søknader til NOKUT om nye ph.d.-program innanfor 1) innovasjon og 2) helse, funksjon og deltaking.

### **Kompetanse og kompetansebehov**

I perioden 2014-2016 har det vore ein jamn auke i talet på faglege årsverk. Sameleis har vore vekst i prosentdelen av fagtilsette med førstestillingskompetanse og professor-/dosentkompetanse. Tala for 2017 viser at denne utviklinga held fram.

Prosentdelen årsverk med førstekompetanse har auka frå 47,9% i 2016 til 51% i 2017. Prosentdelen årsverk med professor/dosent-kompetanse er no på 11,7 %. HVL ligg her på nivå med snittet for akkrediterte høgskular, men dette er framleis lågt samanlikna med universiteta.

Tabell 3.3.1: Årsverk førstekompetanse. Kjelde: NOKUT-portal DBH

Parametrar	Resultatutvikling HVL			
	2014	2015	2016	2017
Faglege årsverk (inkl. stipendiatar) totalt	916	964	1030	1088
Prosentdel årsverk professor- og dosentstillingar	7,7	10,0	10,3	11,7
Prosentdel årsverk førstestillingskompetanse	42,1	45,3	47,9	51

Kjelde: Nokut portal

Planen for universitetsambisjonen konkluderer med at HVL må ha ein vedvarande auke fram mot levering av søknad om universitetsstatus. Arbeidet med å nå dette målet vil krevje omfattande satsing på kompetanseutvikling ved alle fakulteta. Utviklingstakten dei nærmaste åra må hevast.

Stipendiatsatsinga er éi av fleire viktige satsingar i denne samanheng. Sjølv om ei aukande del av stipendiatar ved HVL no vert tekne opp i egne ph.d.-program, er framleis eit fleirtal av stipendiatane ph.d.-kandidatar ved andre universitet og høgskular. Alle disputasar er så langt gjennomførte ved andre institusjonar.

Satsing på kvalifisering via førstelektorvegen er også viktig for realiseringa av universitetsambisjonen. Når det gjeld opprykk til førstelektor ved HVL, var talet i 2017 om lag som i 2016. Talet på tilsette som fekk opprykk til professor og dosent, var betydeleg lågare i 2017 enn i 2016.

Tabell 3.3.2: Disputasar og kompetanseopprykk

	2016	2017
Avlagte disputasar for ph.d.-grad <sup>2</sup>	14	14 (25 <sup>3</sup> )
Opprykk professor/dosent	11	5
Opprykk førstelektor	9	10



Foto: Kamilla Hedvig Halvorsen Myklebust

## Markerte årets kompetanseopprykk

*Faksimile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no): HVL innførte i samanheng med satsinga på kompetanseheving, ei markering med festmiddag for alle tilsette med opprykk eller gjennomført disputas. Biletet viser HVL-tilsette som har fått opprykk til førstelektor, professor eller dosent hausten 2016 og våren 2017.*

### Mellombelse stillingar

HVL hadde ein venta auke av mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar under fusjonsprosessen, mellom anna gjennom frikjøp av personale til fusjonsprosjektet. Målet for 2017 vart sett til 15 %. Det er derfor positivt at tala viser 13,4%, noko som er ein reduksjon frå året før, og som også ligg under gjennomsnittet i statleg sektor. Dette syner at innsatsen for å redusere talet på mellombelse stillingar har hatt god effekt. Vi skal arbeidet vidare med dette, noko som er viktig for å etablere solide og bærekraftige fagmiljø. Det er likevel naturleg med

<sup>2</sup> Gjeld disputasar der HVL har hatt hovudarbeidsgivaransvar i stipendiatperiode. Inkluderer ikkje disputasar ved utanlandske institusjonar.

<sup>3</sup> Tal i parentes er alle disputasar med HVL som arbeidsgivar på disputastidspunkt.

nokre tilsette i mellombelse tilsettingar, mellom anna grunna vakansar som oppstår når eigne tilsette i periodar får tildelt forskingsstipend, eller har permisjon av andre grunnar. Det oppstår også situasjonar med mellombelse løysingar knytt til eit aukande tal eksternt finansierte forskingsprosjekt, som mellom anna inneber at gode forskarar blir kjøpte fri for å gjennomføre forskingsprosjekta.

### ***Etablering av forskargrupper***

Arbeidet med å etablere, vidareutvikle og leggje til rette for nye forskargrupper har i 2017 vore prega av ein fase med behov for å skaffe oversikt, kategorisere og analysere status for forskingsfelt, kompetanse og profil. I tillegg til å definere kjerneverdier, faglege visjonar, mål og prioriteringar, representerer resultatane frå dette arbeidet viktig grunnlagsmateriale i arbeidet med å formalisere nye forskargrupper eller vidareføre eksisterande. I dette arbeidet vart det også gjort ei førebels analyse på kva forskingsmiljø som var vurdert å ha nasjonalt og internasjonalt potensial når det gjeld til ekstern forskingsfinansiering. Desse prosessane vil halda fram på fakulteta i 2018.

Vidare strategiutvikling, faglege, vitenskaplege og økonomiske prioriteringar vil syne korleis høgskulen vil leggje til rette for vidare utvikling og omfang av nye forskargrupper.

### ***Senterstruktur ved HVL***

Etablering av senter ved HVL er vurdert som eit aktuelt verkemiddel for å nå strategiske mål. Sentera var også nytta som verkemiddel ved dei tidlegare institusjonane, og desse er vidareførte inntil ein eventuell ny senterstruktur er etablert. Rektor nemnde hausten 2017 opp eit utval som har fått i mandat å utvikle prinsipp for etablering av senter ved HVL. Utvalet er leia av prorektor for FOUI. Som oppfølging av dette arbeidet, vil den noverande senterstrukturen også bli gjennomgått.

### ***Målretta nytting av rekrutteringsstillingar***

Universitetsambisjonen tilseier at rekrutteringsstillingar ved HVL i stor grad må brukast for å sikre at HVL når dei formelle krava til rekruttering og gjennomføring i eigne akkrediterte doktorgradsstudium. Det er samstundes i fusjonsplattforma lagt vekt på at andre sterke fag og utdanningar skal ha gode utviklingsmulegheiter.

I styresak 9/17 vert premissar for fordeling av stipendiatheimlar handsama (knytt til ledige stipendiatheimlar ved årets start). I denne saka vart det stadfesta at prinsipp for fordeling av rekrutteringsstillingar må vere basert på styrking og bygging av fagmiljø rundt *akkrediterte* doktorgradsprogram, styrking og bygging av fagmiljø rundt *planlagde* doktorgradsstudium, samt gode utviklingsmulegheiter for andre sterke fagmiljø i HVL. I vedtaket stadfestar også styret at «HVL må i sin framtidige FoU-strategi drøfte forholdet mellom spissing og bredde når det gjeld tildeling av rekrutteringsstillingar». Miljøa må også søkje å utnytte relevant rettleiingskapasitet på tvers av nærregionane.

I 2017 hadde HVL 120,66 årsverk i stipendiatstillingar. Av desse var 94 KD-finansierte rekrutteringsstillingar. Dette syner at HVL fyller alle rekrutteringsstillingane. I tillegg er nokre av KD stillingane nytta som post doc-stillingar. Dei kjem i tillegg til dei tala som er nemnde ovanfor. Når det gjeld MNT-fag, er fleire stillingar øyremerkta dette formålet.

### ***Ph.d.-programma***

HVL har ved utgangen av 2017 i drift to egne ph.d.-studium, pluss eitt ph.d.-studium i samarbeid med tre andre norske UH institusjonar (fellesgrad). Det er i løpet av 2017 levert to søknader til NOKUT om nye ph.d.-studium. Dette er viktige søknader knytt til universitetsambisjon.

Ph.d.-studiet «Studium av danning og didaktiske praksisar» ved FLKI er ei forskarutdanning som kvalifiserer for vitenskapleg arbeid og forskning på feltet danning og didaktiske praksisar, slik dette området utfoldar seg innanfor utdannings- og opplæringssektoren, kultursektoren og andre sektorar. Studiet tok opp sine første sju studentar vår/sommar 2015. Stipulert fullført doktorgrad for desse vil då vere 2021. Ved utgangen av 2017 var det 30 ph.d.-studentar på programmet ifølgje FLKI. Tre av rekrutteringsstillingane i programmet er nytta som postdoktor-stillingar. Rettleiarkapasitet med både hovud- og bi-rettlearar er knytt opp mot alle kandidatar i programmet.

Ph.d.-studiet «Datateknologi /Computer Science» ved FIN, omhandlar alt frå sensor- og måleteknologi via nettverk og kommunikasjon til programvare og datasystem for tolking, analyse, lagring og bruk av data til dømes for å styre prosessar. Studiet tok opp dei første studentar hausten 2016. Ved utgangen av 2017 var det tatt opp elleve kandidatar på programmet. Det er òg to post doc-stillingar knytt til programmet. Det er venta at programmet vert tilført ytterlegare nye stipendiatar knytt til aktuelle fagmiljø ved dei andre campusane. Rettleiarkapasitet med både hovud- og bi-rettlearar er knytt opp mot alle kandidatar i programmet.



Rui Wang (t.v.) og Angela Barriga er to av elleve doktorgradsstipendiatar i datateknologi ved HVL.

Faksimile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no): Doktorgradsstipendiatar i datateknologi

Ph.d.-programmet i «Nautiske operasjonar» er ein fellesgrad mellom UiT Norges arktiske universitet, Høgskolen i Sørøst-Norge (HSN), NTNU Ålesund og HVL. Det skal utdanne kvalifiserte kandidatar til forskning, undervisning, formidlings- og innovasjonsarbeid og anna verksemd der det vert stilt krav til vitskapeleg innsikt med eit operasjonelt maritimt fokus. Utdanninga rettar seg mot kompleksiteten i nautiske operasjonar og trekker inn perspektiv som er tverrfaglege, for sikker og effektiv planlegging, gjennomføring og evaluering av nautiske operasjonar. Per i dag har studiet 17 aktive studentar, med 2 ved UiT, 8 ved HSN, 3 ved HVL (her er det i tillegg utlyst ei fjerde stipendiatstilling) og 4 ved NTNU. Det første kullet starta i 2017.



HVL er ein av fire institusjonar som samarbeider om den felles doktorgraden i nautiske operasjonar. Foto: Terje Rudi

### Første PhD-samling i nautiske operasjonar

*Faksimile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no): Første ph.d.-samling i nautiske operasjonar*

2017 har også vore eit år med slutføring av fleirårige prosessar knytt til utvikling av to nye ph.d.-studium ved HVL. Prosessane vart fullførte hausten 2017, og med høgskulestyrets godkjenning (sak 70,71/17) vart to søknader om akkreditering sende til NOKUT.

Den eine søknaden har sitt utspring frå Avdeling for helse- og sosialfag, Bergen, no del av FHS-fakultetet, og er fagleg posisjonert innanfor helsevitenskap, med tittel «Helse, funksjon og deltaking». Studiet vil bidra med ny kunnskap om kva som hemmar og fremmer helse, funksjon og deltaking og styrke koplinga mellom utdannings- og forskingsaktivitet knytt til kvardagsliv og samfunnsdeltaking. Den andre søknaden har sitt utspring frå Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling, med tittel «Ansvarleg innovasjon og regional utvikling». Fagleg er studiet aktuelt for fag- og forskingsmiljø på tvers av alle fakulteta. Utdanninga gir ei framtidretta forskarutdanning med innhald knytt til regionale utfordringar. Den skal støtte opp om arbeidslivsretta og profesjonsretta utdanningar i ei breidde som dekker heile den faglege utdanningsporteføljen ved HVL. Ph.d.-studia er rigga for å hente ut effektar frå fusjonen ved at dei grip over både fagfelt, studiestader og sektorar. Dei har også vore del av ei langsiktig strategisk prioritering. Fleire av dei KD-finansierte stipendiatstillingane ved HVL er retta mot desse ph.d.-studia som no er under utvikling.

### **Vitskapeleg publisering**

2017-tala er ikkje tilgjengelege før 5. april. Då vert 2016-tala grunnlag for ein kort status. I 2016 rapporterte HVL til saman 577 vitskapelege publikasjonar til NVI. Det utgjorde 489,6 publiseringspoeng. Det utgjorde 18,5% av poeng tildelt institusjonar i kategorien statlege høgskular i landet. 159,7 poeng blei tildelt for publikasjonar på nivå 2. Prosentdelen for nivå 2 var 11%. 248 publikasjonar, det vil seie 43%, var med internasjonale medforfattarar.

## Verksemdsmål 4: HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute

HVL har brukt 2017 til å rigge den nye organisasjonen. Eit av grepa som har blitt gjort, er å organisere internasjonalt kontor, som tradisjonelt har hatt ansvar for internasjonalt utdanningssamarbeid, og forskingsadministrasjonen under pro-rektor for forskning. Ved å kople desse to einingane tettare saman gjennom informasjons- og kompetansedeling, ønskjer vi å oppnå synergjar mellom utdanning og forskning i internasjonaliseringsarbeidet.

I årsplanen for 2017 har HVL hatt hovudfokus på følgjande:

- Utvikle system for tilsettmobilitet
- Auke inn- og utvekslingsstudentar, spesielt Erasmus+
- Auke i eksternfinansiering gjennom EU

### *Tilsettmobilitet*

I 2017 har HVL kartlagt prosessen og utvikla sams rutinar for handsaming av Erasmus+ tilsettmobilitet. Midlar vert lyste ut via HVL si interne nettside og alle søknader vert handsama under eitt. I 2017 fekk 71 tilsette Erasmus-stipend for tilsettmobilitet, same som i 2016. Vi er nøgde med å ha klart å halde oppe aktiviteten samstundes som tilsette har vore opptekne med arbeid knytt til fusjonen.

Fleire tilsette har gjennom ulike støtteordningar fått høve til å delta på ulike konferansar og arrangement slik som f. eks Horizon 2020 info days, brokerage events mm. Mellom anna MarTERA konferanse, H2020-SC2 Infoseminar, Information Day Horizon 2020 'Smart, green and integrated transport', "ICT proposers day Budapest 9-10. November", Democracy and Europe: Our Common Future, Lisboa 30. HVL deltok på IK2017 og på store internasjonaliseringskonferansar i utlandet som EAIE og NAFSA.

### *Internasjonal studentutveksling*

Talet på innkomande studentar har auka med nesten 25% frå 2016 til 2017. Over 80% av desse er Erasmus-studentar. Dette skuldast dels god rekruttering til populære emne, og at vi har sett i gang nye framandspråklege tilbod.

Nesten 90 % av dei innkomande studentane kjem frå Europa. Flest studentar kjem inn frå Tyskland med Nederland og Spania rett etter. Det er Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett som tek imot flest.

Tabell 3.4.1 Studentmobilitet 2016 og 2017

	UT		INN	
	2016	2017	2016	2017
Erasmus+	71	79	171	233
Andre program	299	263	51	44
<b>Totalt HVL</b>	<b>370</b>	<b>342</b>	<b>222</b>	<b>277</b>

Når det gjeld utreisande studentar, har det samla talet gått ned frå 370 studentar i 2016 til 342 studentar i 2017

Det har samstundes har vore ein auke i prosentdelen utreisande Erasmus+ studentar frå 0,49 i 2016 til 0,55 i 2017. Her ligg HVL framleis godt under snittet for statlege institusjonar som er 0,96 %, og må styrke tiltaka for å auke denne delen ytterligare.

Når det gjeld den totale delen utreisande studentar (og ikkje berre Erasmus +), ligg HVL godt over snittet for akkrediterte høgskular, men lågare enn snittet for universiteta.



*Praksisstudiar på Cuba er populært blant studentar på Bachelor i sjukepleie*

*Tabell 3.4.2 Del utreisande utvekslingsstudentar av totalt tal på studentar*

Del utreisande utvekslingsstudentar alle program av totalt tal studentar	2016	2017
HVL	-	2,1
Akkrediterte høgskular	1,6	1,5
Universitet	2,5	2,7

Kjelde: NOKUT portal

Det er frå helse- og sosialfaga HVL sender ut flest studentar. Det studieprogrammet som sende ut flest studentar, var bachelorstudiet i sjukepleie, som hadde 91 utvekslingsstudentar i 2017.

Grunnskulelærerutdanninga (GLU) sende 28 studentar på utveksling i 2017. Dette er låge tal som det vert arbeidd med å auke. Mellom anna fekk HVL innvilga tre NOTED-prosjektsøknader i 2017 som skal bidra til auka studentutveksling innan GLU.

Dei fire mest populære utvekslingslanda for HVL-studentar i 2017 var Australia, USA, Tanzania og Storbritannia. Dei mest populære institusjonane var Queensland University of Technology (Australia), San Diego State University (USA) og Griffith University (Australia).

Dei mest populære Erasmus-partnarane for utveksling var Professionshøjskolen UCC (Danmark), Athens University of Applied Sciences (Hellas) og Polytechnic University of Valencia (Spania).

I samband med fusjonen har HVL brukt 2017 til å gjennomgå porteføljen med utvekslingsavtalar. Gjennom møte med alle institutta/fageiningane ved HVL er avtalane vurderte, og det er bestemt kva for avtalar som skal fornyast og kva for nokre som skal avsluttast. Totalt 280 avtalar har vorte signerte på nytt. Avtalane gjeld i hovudsak dei studieprogramma dei vart inngått for. I samband med samkjøring av studieprogram vil det vere naudsynt å gjennomgå utvekslingstilbodet for å sjå på mulegheitene for å utvikle eit samla tilbod på tvers av studiestadene.

### God utteljing på søknader om eksterne midlar til studentmobilitet

HVL har hatt god utteljing på søknader om studentmobilitet dei par siste åra. I høve UTFORSK-programmet har vi fått innvilga ni søknader i 2016-2017 (kr 9 791 830). Søknadene famnar om fleire fagområde: dramapedagogikk, samfunnsfag, radiografi, bioingeniør, data, matematikk, energi og barnehagekunnskap.

Innanfor det nye partnerskapsprogrammet for lærarutdanninga, NOTED, sende vi tre søknader i 2017 og fekk tilslag på alle tre (kr 3 285 000). Det er engelsk, matematikk og samfunnsfag som har fått midlar til å lage gode mobilitetsvindauger med partnerar i høvesvis England, Danmark og Sør-Afrika.

Fagmiljøa i økonomi og administrasjon sende inn og fekk innvilga tre søknader til det nye programmet Intern Abroad (kr 900 000) for å utvikle praksisplassar for HVL-studentar hos partnerar i USA, Sør-Afrika og Japan.

### EU-satsinga

I 2017 fekk HVL løyving for seks søknader om EU-midlar som omfattar alt frå H2020-prosjekt til Erasmus+ strategiske partnerskap og mobilitetsmidlar i og utanfor Europa.

Tabell 3.4.3: Løyvingar, søknader til EU, 2017

H2020 søknader EU, 2017				
Rolle	Call-ID/ Prosjekt-ID	Søknadsfrist	Type prosjekt	Status
Deltakar	H2020-SUSFOOD2	13.03.2017	ERA-NET	Innvilga
Koordinator	COST Open Call OC-2017-1	06.09.2017	COST	Handsamast
Partnar	INTERREG - North Sea Region	02.08.2017	Inter-Reg	Kvalifisert Trinn 2
Partnar	INTERREG - Baltic Sea Region	18.12.2017	Inter-Reg	Handsamast Trinn 1
Koordinator	2017-1-NO01-KA103-034119	02.02.2017	ERASMUS+	Innvilga
Koordinator	2017-1-NO01-KA107-034075	02.02.2017	ERASMUS+	Innvilga
Koordinator	2017-1-NO01-KA201-034133	29.03.2017	ERASMUS+	Innvilga
Koordinator	2017-1-NO01-KA201-034124	29.03.2017	ERASMUS+	Innvilga
Partnar	2017-1-PL01-KA203-38535	29.03.2017	ERASMUS+	Innvilga

HVL er til dømes deltakar i SUSCHOICE-prosjektet som har fått tildelt i overkant av 2,4 millionar kroner gjennom SUSFOOD2-programmet under ERA-Net Cofund on Sustainable Food Production and Consumption. Programmet vert leia av University of Verona i Italia.

Av 95 søkjarar var det 12 prosjekt som fekk løyving. HVL vil leie fleire arbeidspakkar og er med i leiargruppa i prosjektet.

Tilsette ved HVL deltok i til saman 21 EU-søknader i 2017. 6 søknader vart innvilga, 3 er framleis under handsaming og 12 søknader fekk avslag. Av desse vil fleire bli sende inn i utbetra versjon i 2018. Det er eit positivt og aukande tal på prosjektsøknader mot EU frå HVL. Tilslagsprosenten var på nærare 30 %. HVL er framleis partner i dei tre H2020-prosjekta som det er rapportert om tidlegare år.



 **Lisbeth Amland Heilund**  
Kommunikasjonsmedarbeider  
Kommunikasjon

---

Publisert 12.01.18 - 12:50  
Endra 12.01.18 - 13:10

### Skal forske på bærekraftig matforbruk blant europeisk ungdom

I forskningsprosjektet SUSCHOICE skal Natalia Mæhle og kolleger ved Mohnsenteret forske på ungdom i Europa sine matvaner i forhold til bærekraft.

*Faksimile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no): HVL skal delta i forskning på berekraftig matforbruk*

Tabell 3.4.4 Verdien på eksisterande H2020-kontraktar, 2017

Program kortnamn	Prosjekt kortnamn	Ref.	Prosjektnamn	SUM( EUR)
SOCIETY	MOVE	6492 63	Mapping mobility – pathways, institutions and structural effects of youth mobility in Europe	286,012.50
CAREER	CREATION S	6659 17	CREATIONS - Developing an Engaging Science Classroom	100,000.00
LEIT - ICT	COEMS	7320 16	Continuous Observation of Embedded Multicore Systems	746,435.00
SUM	Verdien på kontraktar EURO			<b>1,132,448</b>
Verdi	Verdien på kontraktar NOK (1 euro = 9,62 nok)			10,914,533

Tabell 3.4.5 Verdien på eksisterande ERASMUS+-kontraktar, 2017

Program kortnamn	Prosjekt kortnamn	Prosjektnamn	SUM( EUR)
ERASMUS+	PECK	Læring gjennom pedagogisk entreprenørskap	199,340.00
ERASMUS+	CASE	Creativity, Art and Science in Primary Education	334,943.00
ERASMUS+		Mobility with partner countries	188,272.00
ERASMUS+		Mobility with programme countries	276,530.00
SUM	Verdien på kontraktar EURO		<b>999,076.00</b>
Verdi	Verdien på kontraktar NOK (1 euro = 9,62 nok)		9,611,111.12

Å oppnå suksess med EU-søknader dannar grunnlag for utvikling av erfaringsbasert kompetanse. I kombinasjon med prosjektutvikling vert det gjennomført ei rekkje aktivitetar og tiltak som skal bidra til å auke E-kompetansen både innanfor H2020 og Erasmus+. Dette består av kurs, workshops, seminar, administrativ støtte til søknadsutvikling samt reiser til partnarmøte, informasjonsdagar og reiser til Brussel for leiarar og administratorar.

Éi gruppe har gått igjennom mulegheitene i H2020 og identifisert fire arbeidsprogram som kan ha særleg relevans for HVL-forskarar i perioden 2018-2020. Alle arbeidsprogramma vart lanserte hausten 2017. I samband med lanseringane vart det arrangert interne førebuingsworkshops med kontaktpersonar (NCP'er) i Norges forskingsråd og felles reiser til lanseringane og partnersøk-dagar (Info-Days) for forskarar.

Alle «workshopane» vart arrangerte i Bergen fordi kontaktpersonane i Norges forskingsråd ønskjer å møte flest muleg forskarar frå fleire institusjonar samstundes. Det var deltakarar frå UiB, Chr. Michelsens Institutt og Helse Bergen.

Det vart arrangert ein studietur til Brussel for leiarar, forskarar og administratorar i desember 2017. Her deltok til saman 38 representantar frå den nye leiinga (rektor, prorektor for forskning, prorektor for utdanning, prorektor for samhandling, dekanar), forskingsrådgjevarar, internasjonalt kontor og fagleg tilsette frå nærregionane. Studieturen inkluderte også Open Info Day: Horizon 2020 'Health, demographic change and wellbeing' Brokerage event, besøk på SIU mm.

Nokre forskingsrådgjevarar deltok hausten 2017 på Kjenn Europakurset i EU/EØS-programmet. Deira vurdering er at dette er svært nyttig for vidare arbeid med EU-samarbeid. Som førebuing til Brussel-turen og anna involvering i EU/EØS, vart det også arrangert eit internt ein-dags introduksjonskurs i regi av Kjenn Europa på Campus Kronstad.

### **Søknadsskriving og oppfølging**

Forskningsadministrasjonen og internasjonalt kontor er tett involvert i arbeid med H2020 og Erasmus+-søknader der HVL er koordinator.

HVL har sett av strategiske midlar i 2017 for satsing mot deltaking i Horisont 2020, mellom anna til frikjøp av personale for arbeid med utvikling av forskingsprosjekt. Ein kan søkje om inntil 150 000 kroner per prosjektsøknad til frikjøp av fast tilsett personale.

HVL har dedisert eitt årsverk på internasjonalt kontor, campus Bergen, til arbeid med utvikling av søknader innan Erasmus+ KA2 (strategiske partnerskap, kapasitetsbygging og kunnskapsalliansar).

### **Nettverksbygging og samarbeid**

HVL ønskjer å byggje nettverk for deling av administrative ressursar og kompetanse på søknadsskriving med andre høgskular, institutt, helseføretak og universitet. Som ein del av dette deltek HVL i prosjektet «Forsterka satsing på Horisont 2020 i Hordaland». Dette er eit samarbeid mellom Bergen Teknologioverføring (BTO), Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Forskningsrådet Hordaland, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune. Målsetjinga er å styrke det regionale arbeidet med mobilisering til Horisont 2020. I samarbeidet er det identifisert ei rekkje viktige samfunnsutfordringar som prosjektet trur kan løysast best gjennom eit europeisk samarbeid som involverer bedrifter, akademia og offentlig forvaltning. Som eit resultat av dette, er det etablert eit EU-rådgjevarenettverk i Bergen/Hordaland, som planlegg jamlege møte med erfaringsutveksling. Nettverket er òg eit

forum for deling av informasjon og kontaktar, som kan medverke til å styrke den regionale satsinga mot Horisont 2020.

Deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram krev ei strategisk tilnærming frå institusjonane. Det er behov for god og løpande informasjon på alle nivå. HVL har eit tett samarbeid med Stavangerregionens Europakontor som mellom anna kan bidra til å få innpass/posisjonere HVL i europeiske nettverk og organisasjonar (t.d. ERRIN). Dette samarbeidet støttar opp om HVL si satsing på H2020. HVL har også innleia samarbeid med Vest-Norges Brusselkontor og reknar med å bli fullt medlem i løpet av 2018.

### **Bruk av nasjonale PES-midlar**

Forskningsgrupper, enkeltforskarar, fagmiljø og administrativt tilsette har behov for å delta på ulike europeiske arenaer for å presentere idear, byggje nettverk og få innpass i konsortium etc. Dette har mykje å seie både for den enkelte forskar og for institusjonen som eit heile. HVL har i 2017 hatt fokus på å informere og motivere fleire tilsette til å reise på ulike konferansar og arrangement, som til dømes H2020 informasjonsdagar, *brokerage events* m.m. Bruk av PES-midlar frå Norges forskingsråd til dette formålet har opplagt vore til stor hjelp i 2017.

I samband med utvikling av søknader til H2020 ser vi at det følgjer med ei rekkje utgifter til reiser og møteverksemd med deltakarar i konsortia. Mulegheiten for å søkje PES-midlar til dette formålet senkar terskelen for å delta i slik aktivitet og er med å på styrke søknadsarbeidet.

I 2017 fekk Institutt for Byggfag PES-midlar frå SIU i samband med utvikling av ein Erasmus+ Kapasitetsbyggingssøknad.

### **Interne tilskotsordningar til internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid**

HVL legg også til rette for utvikling av meir forskning finansiert av EU, og set av strategiske midlar til frikjøp av tilsette i prosjektutviklingsfasen. Det vert også sett av midlar til utanlandsopphald for forskarar, knytt til arbeid med søknad om eksterne forskingsmidlar retta mot ei konkret utlysning.

Tilsette kan også søkje interne PES-midlar i samband med utvikling av søknader om internasjonale utdanningsprosjekt mellom anna innan EU/ EØS.

### **EUA-medlemskap**

Høgskulen på Vestlandet vart i 2017 medlem i European University Association (EUA). EUA er ein NGO med hovudkvarter i Brussel med over 850 medlemsinstitusjonar i 47 europeiske land med over 17 millionar studentar. EUA er ein interesseorganisasjon som er til stades i Brussel og representerer og «lobby-erer» for medlemmene sine interesser når det gjeld utviklinga av europeisk politikk, europeiske program og økonomiske verkemiddel.

## Verksemdsmål 5: HVL skal ha ei av dei leiande grunnskulelærerutdanningane i Norge

### *Mål for utdanningane*

I fusjonsplattforma for HVL står det mellom anna:

«Det vert innført ny nasjonal femårig grunnskulelærerutdanning frå 1.8.2017. Det set krav til at Høgskulen på Vestlandet må utvikle ei felles grunnskulelærerutdanning. Ambisjonen er å utvikle den nye utdanninga til å bli relevant, innovativ og FoU-basert på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå. Høgskulen på Vestlandet skal òg sjå på mulegheiter for å utvikle lektorutdanning. Det vert oppretta ei felles arbeidsgruppe. Målet er å leggje til rette for eit breiare lærarutdanningstilbod enn dei noverande institusjonane kvar for seg har grunnlag for.» Plattforma har òg svært ambisiøse mål for profesjonsutdanningane, som seier at HVL «... skal bli best i å tilby framtidretta profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå og skal drive og utvikle ph.d.-program på sentrale fagområde for Høgskulen på Vestlandet.»

Ei internasjonal ekspertgruppe arbeider på oppdrag frå KD/NOKUT med å sjå på og gje råd om desse utdanningane, og HVL har vore vertsskap for eit seminar med denne gruppa for alle lærarutdanningane på Vestlandet, i oktober.

### *Rekruttering og opptak*

I tillegg til dei ordinære rekrutteringstiltaka, vart det i 2017 satsa særskilt på å auke rekrutteringa til GLU, mellom anna med eigne Facebook og Youtube-kampanjar. Studentambassadørar frå GLU deltok på alle utdanningsmesser, og ved Open dag på dei fem campusane var det eigne parallellsesjonar om GLU-utdanningane. Alle førsteprioritetssøkjjarane til GLU 1-7 på Stord og i Sogndal, og GLU 5-10 på Stord vart ringt opp av ein tilsett eller ein studentambassadør i mai. Dette for å høyre om dei hadde spørsmål om utdanninga, bustad eller studentlivet generelt.

Resultatet av opptaket kan kort summerast opp slik (tal frå 2016 i parentes):

*Tabell 3.5.1: Opptak til grunnskulelærerutdanning*

Utdanning	Bergen	Stord	Sogndal	Samla
1–7	169 (193)	15 (24)	22 (16 +30 lokalt)	<b>206</b>
5–10	183	42	54	<b>279</b>
<i>Samla</i>	<i>352</i>	<i>57</i>	<i>76</i>	<b>485</b>

I Sogndal og på Stord kom alle kvalifiserte inn på begge utdanningane. I Bergen kom alle kvalifiserte inn på Musikk i begge utdanningane og på Kunst og handverk for 1–7. Dei fleste nye studentane har ein poengsum på 40-talet, men på ein del studium vil GLU ha studentar ned mot minstegrensa på 35 poeng. Det er gode ventelister til dømes på matematikk og samfunnsfag i Bergen, men samla sett er det klart ønskjeleg med auka søking til utdanningane. Det er teke opp og møtt, på ordinært opptak og frå 'Restetorget', 485 studentar. Det samla måлтаlet var 528 (Stord 70, Sogndal 96, Bergen 362).

## Gjennomføring av år 1

Frå februar vart Glu-prosjektet etablert, med ein studieprogramansvarleg og to studieleiarar, for 1-7- og 5-10-utdanningane.

Dette var nødvendig, sidan HVL i praksis ikkje var oppretta for vårt formål då. Prosjektperioden går fram til 1.8.2018. Prosjektet har vore utvikla gjennom såkalla «Brev til dei tilsette» og eit stort seminar i mai 2017 for alle som har ansvar for første året i utdanningane. Eit oppfølgingsseminar knytt til vurdering vart avvikla 17.–18. oktober, og eit hovudseminar for evaluering av satsinga skal gjennomførast i mai 2018.

Kommunikasjonen føregår etter kvart gjennom ein eigen nettportal, Glup (interne nettsider for tilsette).

Frå 1.8.2017 er Glup del av det nye

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett. Studieprogramleiar rapporterer då til dekan. Det har vore gjennomført møte med ny dekan for å planleggja haustsemesteret. Eit prosjekt for Tilsyn 2019 frå styresmaktene vart organisert hausten 2017, og sett i gang med eigen prosjektleiar frå årsskiftet. Fagmiljøa ved GLU har fått tilslag på spennande søknader: FINNUT til matematikdidaktikkmiljøet, samfunnsfag på internasjonal utveksling, ikt-miljøet gjennom arbeidet med PFDK (profesjonsfagleg digital kompetanse osv.)

Førsteklassane har elles vorte følgde tett opp av såkalla profesjonsrettleiarar, med ekstra registrering dei tre første vekene. Undervisninga utover dei enkelte disiplinfaga blir samordna og utvikla gjennom dei same profesjonsrettleiarane i klassane. Det er i gang fem utviklingsprosjekt for å utvikle undervisninga, og tre nye blir setje i verk frå årsskiftet. Det er vidare organisert to store søknader: til Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) om internasjonalisering, og til Noregsuniversitetet om digitalisering av utdanningane. Det er også gjennomført eller under gjennomføring fleire utgreiingar: ei om mulege overgangar mellom gammal og ny lærarutdanningar, ei som ser på eit muleg system for lærarutdanningsskular m.fl.

## Ekstra tildelingar er brukte slik:

Supplerande tildelingsbrev april 2017. Statsbudsjettet kap. 260 post 50, tilskot ny Glu:

HVL fekk kr 7,5 mill. som er budsjettert og planlagt i samsvar med tildelingsbrev til drift av Glu-prosjektet, fem utviklingstiltak, to store utviklingsseminar + utgreiing om overgangen gammal til ny Glu. HVL har også prioritert strategiske midlar til denne satsinga i 2017. Ein stor del av løyvinga er derfor ført over til eigne satsingar på digitalisering og internasjonalisering våren 2018.



an Olav Fretland (t.v.), Britt Randby Theodorsen og Jan Helge Kallestad skal leie arbeidet med å forme den nye femårige lærarutdanninga for HVL. Foto: Lisbeth Amland Heilund

## Desse tre skal forme den nye lærarutdanninga

Frå hausten 2017 skal alle nye lærarstudentar ta femårig masterutdanning. Tre personar ved HVL har teke på seg ansvaret for at alt er på plass innan den tid

Faksimile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no): Prosjektleiing for ny femårig lærarutdanning



Katrine Støer  
Rådgjevar  
FoU

Publisert 08.10.2017

Endra 09.02.18

## Supplerande tildelingsbrev juni 2017. Kap. 281 post 01 – midlar til utvikling og drift av partnerskap i grunnskulelærerutdanningane:

Her fekk HVL 7,254 mill. kroner. Vi viser til partnerskap med sju grunnskular i Bergen kommune, utgreiing om lærarutdanningsskular, arbeid med profesjonsrettlearar mot alle praksisskular, praksis på campus-prosjekt mm. Det er ikkje gjort utbetalingar knytt til desse avtalane endå. Midlane er overførte til 2018, for oppfølging av partnerskap og oppfølging av intensjonsavtalar om digitalisering i grunnskulen mot Bergen, Stord og Vik kommunar.

### Utfordringar

Som det går fram av tala ovanfor, er ikkje søkjartala samla til ny GLU tilfredsstillande. Det må vere eit klart mål å auka satsinga på GLU-søklarar til opptak 2018, særleg på 1–7-utdanninga på Stord og i Sogndal, noko styret også har peikt på.

I dette første året har det vore lite opning for å planleggje større faglege samordningstiltak. Men opplegget med profesjonsrettlearar og profesjonsdagar er døme på nye felles ordningar. Det same er dei to store fellesseminara og satsinga på felles utviklingstiltak. Leiargruppa i Glu-prosjektet har utfordra faggruppene på samordning av pensumlistar og eksamensoppgåver, ut frå at vi no har felles emneplanar og evalueringsordningar. Her er det nokså ulike reaksjonar, frå stor velvilje til motvilje mot meir samordning enn det som alt er gjennomført gjennom programplanar og emneplanar. Vi har etter kvart valt å ha ei mild linje her, med vekt på opning for lokale tilpassingar.

Ulike vurderingsformer for maksimalt læringsutbyte var eit hovudtema på Stordseminaret 17.–18. oktober.

Koplinga mellom praksisfelt, studentar og våre høgskuletilsette er forsterka gjennom systemet med profesjonsrettlearar og felles profesjonsdagar. Elles er partnerskapsprosjektet med Bergen kommune eit viktig forsøk for å utvikle samarbeidet med skuleeigarar. Vi planlegg også eit større fellesopplegg om temaet medborgarskap, der alle nye GLU-studentar i HVL er med, også med fellessamling i Bergen, med fagleg og sosialt hopehav, i veke 15 2018.

Arbeidet med digitalisering må intensiverast. Vi fekk ikkje tildeling frå departementet til eit stort prosjekt på dette området, men set i gang delar av prosjektet i 2018 med andre ekstramidlar, gjennom prosjektstøtte etter søknad direkte til dei ulike fagmiljøa.

Det er i dag for få lærarstudentar som reiser på utvekslings- eller praksisopphald i utlandet. I den nye utdanninga blir det viktig å setje fokus på auka studentmobilitet gjennom



Lærarstudentane Nina Owren, Erik Kleppe og Egil Hole Lønning matte torsdag kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen på studiestaden Kronstad i Bergen. Alle foto: Janne Fosshem Lønne.

 Elin Hovdi  
Kommunikas  
Kommunikas  
Publisert 23.0  
Endra 23.03.1

### Får 7,5 millionar til ny lærarutdanning

Kunnskansminister Torbjørn Røe Isaksen delte torsdag ut 7.5 millionar

Faksmile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no)

kvalitetssikring av tilbudet, god tilrettelegging, og lett tilgjengeleg informasjon om når og kvar studentane kan reise.

Tala frå Studiebarometeret for 2017 er jamt over bra, men desse gjeld ikkje dei nye Glu-studentane. Eitt gjennomgåande trekk på landsbasis er at dei største utdanningane kjem noko svakare ut enn til dømes tilsvarande utdanningar på universiteta i Agder og Stavanger. Svakaste tala for HVL samla er på studentaktive læringsformer, på studentmedverknad og tilbakemelding på studentarbeid. Leiinga for ny Glu har derfor lyst ut midlar på desse arbeida, og fått respons gjennom dei utviklingstiltaka som er setje i gang. Det har òg vore møte med fagpersonalet for å diskutere korleis vi kan forbetre studentvurderingane.

## Verksemdsmål 6: HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga

Verksemdsmål 6 omfattar éi av kjerneverksemdene til høgskulen. Styret meinte det var viktig å ha hovudfokus på studentane og sørge for å gje dei kvalitativt gode studium i det første driftsåret for HVL. Det vart derfor ikkje fastsett andre tiltak utover dette for 2017. I rapporten fokuserer vi derfor på desse hovudområda:

- Studietilbod og kvalitetsarbeid
- Gjennomføring og kandidatproduksjon
- Rekruttering og opptak
- Studiebarometeret og Underviserundersøkinga
- Digitalisering
- Andre område

### *Studietilbod og kvalitetsarbeid*

Hausten 2017 hadde høgskulen ein første samla gjennomgang av studietilbodet, i samband med vedtak om kva program som skal tilbydast studieåret 2018-19. Utfordringane som departementet har reist om mellom anna ein tydlegare profil og ei nærare vurdering av studieprogram med færre enn 20 årlege kandidatar, vart ikkje gjennomført denne gongen. Styret si vurdering var at ein slik gjennomgang må vente på ein strategi for utvikling av studietilbodet. Det vert lagt opp til ein større gjennomgang i løpet av 2018, der studietilbodet skal vurderast på bakgrunn av mellom anna studentrekruttering, kandidatproduksjon og samfunnsmessige behov.

Sentrale spørsmål elles vil vere om høgskulen skal leggje opp til gjennomgåande utdanningsløp som omfattar alle dei tre høgste nivåa i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket på dei fleste programområda. Spørsmålet om og i kva grad høgskulen bør satse på lektorutdanning 8-13, må drøftast. I denne samanhengen må også grunnlaget leggjast for det vidare arbeidet med oppfølging av kvalitetsmeldinga med sikte på å byggje ein felles og endå sterkare kultur for kvalitet i utdanningsprogramma ved HVL.

Arbeidet med å lage eit felles overordna system for kvalitetsarbeid og godkjenning av emne- og studieplanar ved høgskulen tok til i 2017, og vil halde fram i 2018.

Kvalifikasjonsrammeverket blir lagt til grunn både ved oppretting og revisjon av emne- og studieplanar. HVL har starta arbeidet med nye programplanar i sosialfaga, som inneber ei samordning av utdanningane i Bergen og Sogndal innafor dette området. Både her og i samordninga av dei andre studieprogramma og studieplanane ved høgskulen, er eit hovudfokus å sikre at det er god samheng mellom læringsutbytta i studieplanen og dei underliggende emneplanane, samt at det er god variasjon og samheng i undervisings- og vurderingsformer.

## Gjennomføring og kandidatproduksjon

På den nasjonale styringsparameteren om gjennomføring på normert tid har høgskulen hatt gode og stabile tal når det gjeld gjennomføring på bachelornivå. Her er vi godt over det statlege snittet. På masternivå har vi hatt større utfordringar. Her har gjennomføringsprosenten dei siste åra vore ein del under det statlege snittet. Dette har snudd dei siste to åra. I 2016 fekk gjennomføringsprosenten eit veldig stort oppsving frå tidlegare år, og var oppe i 64,4 %. I 2017 har dette talet gått ned til 56,3, men vi ligg framleis godt over snittet for statlege institusjonar (49,1 %).

HVL må jobbe for å halde oppe den gode trenden både på bachelor- og masternivå. Målsetjinga må vere å liggje over det statlege snittet også i framtida.


Etter tilbakemelding i etatsstyringsmøtet våren 2017, har HVL sett på mulege årsaker til at studiepoengproduksjonen i perioden 2008-16 har vore lægre enn forventa ut frå tildelte studieplassar. Det er ikkje lett å konkludere med kva som er

grunnen til dette, anna enn at det truleg er fleire samansette årsaker. Mellom anna er det tydeleg at konjunkturvariasjonane som Vestlandet har opplevd fleire av denne tiårsperioden, har hatt negativ påverknad på interessa og rekrutteringa til fleire av høgskulen sine studium, særskilt innanfor ingeniørfag. Ein del utdanningstilbod har vorte starta med ledige studieplassar. Desse tilboda har samstundes opplevd fråfall undervegs. Høgskulen har god dialog med regionen, og har på bakgrunn av dette gjort tilpassingar i studietilbodet for å betre rekrutteringa. Til dømes er bachelor i undervassteknologi omarbeida til eit bachelorprogram i havteknologi for å utdanne for eit breiare fagfelt, og slik også rekruttere betre. Eit anna døme er barnehagelærarutdanninga, der ein dei første åra etter omlegginga frå førskulelærarutdanning fekk ein nedgang i søkjartala. Dette ser no ut til å ha stabilisert seg.

Alle dei tre tidlegare høgskulane har dei seinare åra hatt auka fokus på tiltak for å betre gjennomstrøyming og hindre fråfall, eit arbeid som vil halde fram i den nye institusjonen. Tala for 2017 viser at det har vore ein auke i den samla studiepoengproduksjonen, og studiepoengproduksjonen per student er også over snittet for dei statlege høgskulane (sjå tabell 3.6.1). På helse- og lærarutdanningane har høgskulen i 2017 produsert 1 614 kandidatar, som er fleire enn det samla kandidatmåltalet. Det er likevel framleis utfordringar med å nå måltala på nokre av studieprogramma. Høgskulen må særskilt halde fram med å satse på auka rekruttering til GLU 1-7 og bachelor i Teiknspråk og tolking (Døvetolkutdanning) for å nå måltala som er sette her.

Noko av årsaka til den manglande studiepoengproduksjonen finn ein også på masterutdanningane. Fleire av masterutdanningane er ganske nye, og det tar tid å innarbeide desse for å sikre god rekruttering og gjennomstrøyming. Likevel er både Utdanningsvitenskap og Klinisk sykepleie døme på nyare mastergradstilbod som både har gode søkjartal og god gjennomstrøyming.

I 2017 hadde høgskulen ein auke i uteksaminerte kandidatar på bachelornivå, medan det var ein liten nedgang på masternivå samanlikna med 2016 (sjå tabell 3.6.1).



Kandidatproduksjonen står såleis ikkje i samsvar med omfanget av mastergrader. Dette, i tillegg til rekruttering og gjennomstrøyming, vil derfor vere ein naturleg del av drøftingsgrunnlaget når HVL skal ha ein gjennomgang av det samla studietilbodet i 2018.

Tabell 3.6.1 Studiepoeng- og kandidatproduksjon

INDIKATOR	RESULTAT 2016 <sup>4</sup>	RESULTAT 2017	SNITT STATLEGE HØGSKULAR
Registrerte studentar – totalt (DBH - nøkkeltal)	16606	16217	-
Studiepoeng per student (studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent, registrert haust) (DBH)	47,8	49,9	48,1
Uteksaminerte kandidatar – bachelor- og yrkesutdanning (DBH-nøkkeltal)	2509	2728	
Uteksaminerte kandidatar - master - (DBH-nøkkeltal)	188	186	

### Rekruttering og opptak

For hausten 2017 har det i stor grad vore vidareføring av studietilbod frå dei tre gamle høgskulane. Helsefag, lærarutdanning og teknologiske fag er dei tre klart største utdanningsområda. Gjennom eit godt samarbeid i regi av Samordna Opptak, og tett kontakt mellom opptakskontora på Vestlandet frå tidlegare år, fungerte arbeidet med det samordna opptaket til grunnutdanningane godt i 2017.

Ved å samanlikne tal studieplassar HVL tilbyr med prosentdelen kvalifiserte førstevalssøkjjarar, kjem HVL svært godt ut på dei fleste utdanningsområda, spesielt på sjukepleie. I 2017 var det også ein auke i karakterpoeng blant nye studentar. HVL er såleis over snittet til akkrediterte høgskular (sjå tabell 3.6.2).



HVL opplever gode søkjartall. Her frå fjorårets studiestart på campus Sogndal.

### Mange vil til HVL

Den store breidda i utdanningstilbodet vårt slår an blant dei unge, og

Faksmile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no)

Når det gjeld lokale opptak til mellom anna vidareutdanningar, PPU og masterutdanningar, har alle desse opptaka vore organiserte gjennom ein felles SøknadsWeb. Erfaringane syner at

<sup>4</sup> Snitt for HiB, HiSF og HSH



Tove  
Rådgje  
Seksje

Publisert

Endra:

det er krevjande å ha kunnskap om alle utdanningane på tvers av studiestadene, og at det derfor må brukast ein del tid på å koordinere dette området vidare. HVL har jamt over gode søkjartal til PPU, med ein marginal nedgang i 2017. I og med at det ikkje finst ei nasjonal samordning av opptak til alle masterutdanningar, kan søkjarar til desse utdanningane få mange tilbod frå institusjonane rundt om i landet. Det betyr at vi har mindre kontroll med kor mange av dei som *får* tilbod, som faktisk startar på ei av våre utdanningar.

Tabell 3.6.2 Søking og opptak

INDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	SNITT AKKREDITERTE HØGSKULAR
Kvalifiserte førstevalssøklarar per studieplass (NOKUT-portalen)	1,7	1,8	1,9
Karakterpoeng blant nye studentar (NOKUT-portalen)	39,9	40,7	40,1

### Resultat frå Studiebarometeret og Underviserundersøkinga

I resultatane frå Studiebarometeret under sektormål 1, ser vi at HVL ligg om lag likt med det nasjonale snittet på fagleg tidsbruk per veke, med ein samla fagleg tidsbruk på 34,3 timar. Timetalet på organisert aktivitet er høgare enn det nasjonale, medan innrapportert eigentid ligg under snittet. Det er noko variasjon mellom dei ulike studieprogramma, der alle sjukepleieutdanningane ligg høgast både på organiserte læringsaktivitetar og eigentid.

På overordna nivå er studentane framleis nøgde med kvaliteten på studieprogrammet, med ein skår på 4,0 når det gjeld kor nøgde studentane, alt i alt, er med eige studieprogram. Dette er også på nivå med det nasjonale snittet.

Vi ser likevel at nokre av studieprogramma opplever tilbakegang på overordna tilfredsheit, noko som må følgjast opp av fakulteta.

**HVL-studentar mest nøgde i landet**

Nautikkstudentane i Haugesund og barnehagelærarstudentane på Stord er blant dei mest fornøgde i landet.

05.02.2018 kl 14:02 (Oppdatert 05.02.2018 kl 14:07)

Vidar Hope  
Tlf: 982 42 030

Fleire av studia ved HVL i Haugesund og på Stord scorar høgt i popularitet i den nasjonale undersøkinga Studiebarometeret, som blei offentleggjort måndag.

**Nøgde** Barnehagelærarstudentane på Stord er nøgde med studia, viser undersøking. Her ser me eit kull i skulehagen på Rommetveit i påsketider for to år sidan. (Foto: Henrik Mundal Andreassen)

*Faksmile frå avisa Sunnhordland*

Studiebarometeret gir også ein god peikepinn på korleis høgskulen som institusjon og dei enkelte studieprogramma ligg an på andre sentrale område. På studieprogramnivå brukar ein resultatane aktivt i kvalitetsarbeidet. Ved å sjå utviklinga over tid kan ein også finne tendensar som gir grunn til nærare undersøking. På institusjonsnivå ser vi at resultatane ved HVL stort sett er likt eller litt betre enn det nasjonale snittet på dei utvalde hovudområda *Undervising og rettleiing* –

*Medverknad – Studie- og læringsmiljø – Relevans for arbeidslivet* (sjå tabell 3.6.3). Studentane våre er, til liks med studentane elles i landet, minst nøgde med tilbakemeldingar og medverknad, og mest nøgde med studie- og læringsmiljø og arbeidslivsrelevans. Her blir det viktig å følgje med på utviklinga, der målsetjinga må vere å halde seg på same nivå eller bli betre.

Tabell 3.6.3: Resultat utvalde hovudområde Studiebarometeret

Hovudområde	Resultat HVL 2017	Nasjonalt snitt
Undervising og rettleiing	3,5	3,5
Medverknad	3,2	3,2
Studie- og læringsmiljø	3,8	3,7
Relevans for arbeidslivet	4,2	4,1

Underviserundersøkinga vart gjennomført i fullskala for første gong i 2017. Her har vi ikkje samla resultat på hovudområde, så i tabellen nedanfor har vi sett på svara på spørsmål om overordna tilfredsheit, tilbakemelding og rettleiing, forskingsbasert utdanning, og samarbeid med arbeidsliv. Resultata til HVL er også her i stor grad likt eller marginalt betre enn det nasjonale snittet, og ambisjonsnivået også her må vere å halde oppe eller betre dette.

Tabell 3.6.4 Utvalde spørsmål Underviserundersøkinga

Spørsmål	Resultat HVL 2017	Nasjonalt snitt
Eg er, alt i alt, tilfreds med kvaliteten på studieprogrammet.	3,6	3,5
I dette emnet ... - legg eg vekt på å gi studentane kommentarar og tilbakemelding	4,2	4,1
I dette emnet ... - let eg arbeidsoppgåver som liknar på forskning vere ein del av studentane sitt arbeid	3,0	3,1
I dette emnet ... - samarbeider eg med eksterne aktørar frå samfunn eller arbeidsliv	3,0	2,9

## Digitalisering

Høgskulen har satsa ein god del på å gjennomføre eksamen digitalt. Det aller meste av heimeoppgåver blir levert digitalt, og i 2017 vart 38 % av skuleeksamenane gjennomførte digitalt. Det er store forskjellar mellom fagområda og mellom dei ulike nærregionane. Helse- og sosialfag og lærarutdanning ligg på 60-70%, medan ingeniør og økonomiske fag ligg på

om lag 25%. Sogn og Fjordane og Bergen har vel 50 % digital gjennomføring på skuleeksamen, medan Stord/Haugesund har ca. 7 %.

Skilnadene har samanheng med når ein starta arbeidet med digital skuleeksamen, tilrettelegging og kompetanse. Interesse for å digitalisere er stor, det er derfor all grunn til å tru at omfanget av digital eksamen vil auke i 2018. Høgskulen har også målsetjing om å ha mest muleg digital sensur. Der eksamen er digital er som hovudregel også sensuren digital.

I 2017 har høgskulen tatt i bruk Canvas som læringsplattform i nokre emne, som førebuing til fullstendig overgang frå studieåret 2018-2019. Frå og med studieåret 2017-18 har HVL samkjørt master i klinisk sjukepleie, intensiv- og operasjonssjukepleie på tre campusar. Det betyr at store delar av undervisninga vert overført på video frå éin av dei tre studiestadene. Desse er òg pilotar i bruk av Canvas.



I Studiebarometeret 2017 var det stilt spørsmål om bruk av digitale hjelpemiddel i undervisninga. Resultata til HVL er så vidt over det nasjonale snittet – det vil seie at studentane er nøgde med at digitale verktøy blir brukte, men at vi framleis har ein veg å gå for å utnytte mulegheitene betre og auke bruken endå meir.

Tabell 3.6.5 Utvalde spørsmål om digitalisering frå Studiebarometeret 2017

Spørsmål om digitalisering frå Studiebarometeret	Resultat HVL 2017	Nasjonalt snitt
Dei fagleg tilsette brukar digitale hjelpemiddel for å aktivt involvere studentane i undervisninga (quiz, meiningsmålingar, etc.)	2,8	2,7
Digitale hjelpemiddel blir brukt på ein formålstenleg måte på studieprogrammet	3,8	3,7

## *Andre moment*

- I løpet av 2017 har HVL hatt ein gjennomgang av korleis dei ulike utdanningsprogramma og fagmiljøa forstår det såkalla «gratisprinsippet» i norsk høgre utdanning. Høgskulen har gjort det klart at vi ikkje kan krevje eigenbetaling frå studentar når studieturar, ekskursjonar, feltarbeid og liknande er obligatoriske, og der deltaking er ein føresetnad for å framstille seg til eksamen. Vi reknar med at praksis ved HVL no er i samsvar med gjeldande lov- og forskriftsverk.
- Campus Sogndal tilbyr årsstudium og bachelorutdanning innan historie, samfunnsfag og sosiologi. I 2017 vart studieplanane for desse utdanningane lagde om. Hovudendinga er ei sterkare yrkesorientering, der utdanningane skal vere tettare på arbeidslivet, mellom anna med innføring av egne praksisemne. Dette er såleis i tråd med målsetjinga i stortingsmelding 25 (2016-2017) Humaniora i Norge, om å få til ei betre kopling mellom humanistar og arbeidsliv.
- HVL har inngått eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune om ei felles klagenemnd for Fagskolane i Hordaland og yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Hordaland fylkeskommune, ved opplæringsavdelinga, har sekretærfunksjon i klagenemnda. Klagenemnda behandlar saker etter fagskolelova og forskrift for fagskoleutdanningene, som blir vedtatt av styra for fagskulane. Det er høgskulestyret som har vedtatt forskrift for fagskoleutdanning i yrkesdykking ved HVL.
- Ei arbeidsgruppe er i gang med å lage kravspesifikasjon for eit nytt og felles Sei-i-frå system for heile HVL. I tillegg har ei gruppe laga forslag til retningslinjer for handtering av konflikter, trakassering og mobbing mellom studentar. Desse har vært på ei avgrensa høyring og skal ferdigstillast i nær framtid

## Anna rapportering

### *Tildelingsbrev - bruk av nye studieplassar i 2017*

I statsbudsjettet for 2017 vart HVL tildelt 40 nye studieplassar, og fekk vidareføring av auka opptak.

Dei 40 nye studieplassane er fordelte slik, jf. styresak 010/17:

- Avdeling for helse- og sosialfag ved nærregion Bergen: Teknologi i helse og omsorg. 5 studieplassar.
- Avdeling for helsefag, nærregion Stord/Haugesund: Tverrfagleg vidareutdanning i omsorgsteknologi. 5 studieplassar.
- Avdeling for ingeniør- og økonomifag ved nærregion Bergen: IKT-studiar. 20 studieplassar.
- Avdeling for ingeniør- og naturfag ved nærregion Sogn og Fjordane: Bachelor i informasjonsteknologi. 10 studieplassar.

I styresak 028/17 vart dei 20 studieplassane til Avdeling for ingeniør og økonomi, campus Bergen fordelte slik:

- Bachelor dataingeniør – 8
- Bachelor automatisering – 6
- Bachelor informasjonsteknologi – 6

På grunn av svak rekruttering er dei ti studieplassane til bachelorstudiet i informasjonsteknologi ved nærregion Sogn og Fjordane vidarefordelte til Avdeling for ingeniør- og økonomifag ved campus Bergen. Desse er fordelte med 4 studieplassar til bachelor dataingeniør, 1 på Bachelor informasjonsteknologi, og 5 på Master i programutvikling.

I supplerande tildelingsbrev 2017 fekk HVL 15 nye IKT-studieplassar. Rektor har i samråd med dekan ved avdelinga fordelt 10 av desse til bachelor i ingeniørfag, data og 5 til bachelor i informasjonsteknologi. Plassane som vert finansierte, er fireårige, og det vert lagt opp til finansiering av totalt fire kull. Studieplassane vart oppretta frå hausten 2017.

I same brev fekk også høgskulen 30 nye studieplassar, i tillegg til midlar til administrasjon, tilrettelegging og utstyr for å starte opp utdanningstilbod i Florø. På grunn av låge søkjartal, vart dei utlyste tilboda i Florø trekte for studieåret 2017/18. Midlane er dermed brukte slik:

Dei 30 tildelte studieplassane er delte ut att til andre ingeniørutdanningar med gode søkartal.

Dei 1 000 000 kronene tildelt til administrasjon og tilrettelegging, går til tilrettelegging og utvikling av nye fag innan området havteknologi.

Dei resterande 2 000 000 vil tredelast på fagleg utvikling, utsyr/lokalitetar og rekrutteringsarbeid for å sikre eit godt opptak av studentar hausten 2018.

## **SAKS-midler (samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing) - tildelt over kap. 260 post 50**

Høgskulen på Vestlandet fekk tildelt 11 mill. kr. over kap. 260 post 50 for 2016 – SAKS-midler (samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing) og 39 mill. kr. for 2017. Midlane skulle gå til arbeidet med samanslåing av dei tre institusjonane. Det vises til supplerande tildelingsbrev frå KD av 28.06.2016 og 11.01.2017.

Midlane er brukt til ei rekke ulike tiltak for å sikre ei god omstilling og samanslåing av institusjonane. I 2017 har det vore spesielt fokus på samanstilling av databasar, tekniske system og prosessar, samt omorganisering og det å bygge ein felles institusjon på tvers av nærregionane. Kvar av nærregionane fekk også overført 1 mill. kr. kvar til å dekke auka reise- og møtekostnader. Fagleg organisering og fakultetsstruktur med fire fakultet er vedtatt i 2017, og starta opp 1.1.18. Den administrative organiseringa skal vere klar fyrste halvår 2018.

Arbeidet med samanslåing er svært tid- og kostnadskrevjande, og tildelte SAKS-midler vil ikkje kunne dekke dei reelle kostnadane knytt til dette arbeidet. Betydelege utgifter til både organisasjonsutvikling samt større naudsynte investeringar i IT/AV-utstyr for å kunne kommunisere godt digitalt over dei store geografiske avstandane har blitt dekkja over den vanlege tildelinga. Dei resterande SAKS-midlane, samt dei midlane høgskulen forventar å få i 2018 er planlagt nytta til vidare arbeid med å einast som ein verksemd. Hovedfokus i 2018 vil vera å slutføre arbeidet med organisering og innplassering, samordning av prosessar, starte tiltak for å samordne utdanningar, tiltak for å digitalisere fagleg og administrativt med tanke på samordning i ny organisasjon, samt ekstraordinære investeringar i IT/AV. I tillegg er det konkrete fusjonskostnader knytt til administrative system. HVL har endå ikkje fått tildeling av SAKS-midler i 2018. I revidert budsjett for 2018 er det lagt til grunn ei tildeling på 20 mill kr for å iverksette nødvendige tiltak.

Tabellen under viser bruk av SAKS-midlane i 2017:

Tabell 3.7.1 SAKS midlar 2017 (tusen kroner)

Tildeling SAKS-midler 2016:	11 000
Tildeling SAKS-midler 2017:	39 000
<b>Sum tildeling</b>	<b>50 000</b>
Forbruk 2016:	12 968
Forbruk 2017:	24 577
<b>Sum forbruk</b>	<b>37 545</b>
<b>Avsetjing ubrukne midlar, til bruk i 2018</b>	<b>12 455</b>
<b>Oversikt forbruk SAKS-midler 2017:</b>	
Samanstilling av tekniske system, databasar og rutinar	7 695
Felles samlingar/opningsseremoni	1 983
Organisasjonsutvikling	3 812
Utarbeiding av nye internett- og intranettsider	4 446
Bistand til innplassering av leing	2 097
Fusjonssekretariat og leiarstøtte	1 544
Fagleg og administrativt samarbeid (overført til nærregionane)	3 000
<b>Sum forbruk SAKS-midler 2017:</b>	<b>24 577</b>

### **Utstyrsmidler, tildelte over kap. 281 post 01**

HVL fekk tildelt ei ekstra løyving på 3,9 mill. kroner til utstyr i 2017. Internt vart desse midlane fordelte til nærregionane med 2,3 mill. kroner til Bergen, 0,85 mill. til Sogn og Fjordane og 0,75 mill. til Stord/Haugesund.

Disponeringa av midlane kan grovt knytast til desse fagområda:

<b>Oversikt bruk av ekstra utstyrsmidler 2017 (tusen kroner)</b>	
Opprusting og oppdatering av ulike helsefaglaboratorium	970
Opprusting av utstyr til idrettsutdanningar	700
Utstyr/maskinar/lab.utstyr til ulike ingeniør- og datautdanningar, koding/teknologi for lærarar, dykkarutdanning	1 490
Måleinstrument/undervisningsutstyr fornybarenergi, geologi og landskapsplanlegging	690
Andre område	50
<b>Sum disponert</b>	<b>3 900</b>

Tabell 3.7.2 Bruk av ekstra utstyrsmidler

Midlane til utstyr er nytta fullt ut, er prioritert godt i fagmiljøa, og har bidrege til å betre studiekvalitet og forskning. Midlane har vore eit godt bidrag til å supplere eigne investeringar.

### **Tildelte midlar til maritim kompetanseheving – via HSN**

MARKOM2020 er eit nasjonalt prosjekt som skal bidra til å heve kvaliteten i maritim profesjonsutdanning. Prosjektet er eigd av NTNU i Ålesund, Høgskulen på Vestlandet (HVL), Høgskolen i Sørøst-Norge og Universitetet i Tromsø, og er finansiert over statsbudsjettet. Til grunn for prosjektet ligg "Stø kurs – Regjeringens strategi for miljøvennlig vekst i de maritime næringer" og MARUT-utvalets rapport "Maritim profesjonsutdanning – forslag til ny nasjonal struktur for maritim offisersutdanning".

Prosjektet blir administrert av Høgskolen i Sørøst-Norge. MARKOM2020 har ei styringsgruppe med deltakarar frå kvar av dei fire institusjonane, studentane og frå organisasjonar knytt til maritim næring. For prosjektperioden 2011-2016 har det vore konsentrasjon om fire fokusområde; utdanning, FoU, SAK og rammevilkår.

HVL har brukt om lag 5,6 mill. kroner i 2017 av tildelte MARKOMmidlar. Følgjande prosjekt har HVL nytta midlar til /vore ansvarleg for :

- Kompetanseheving på alle faglege nivå
- Utvikle og starte mastergradsutdanning i maritime operasjonar. Dette er ei fellesgrad som HVL starta opp hausten 2017 i samarbeid med Hochschule Emden/Leer i Tyskland.
- Utvikle pensum innanfor «sikkerhetsledelse» for høgare maritim utdanning. Boka vart publisert på Routledge forlag (nivå 2) 1. februar 2018.
- Sende EU-søknad innanfor «decommissioning of offshore wind». EU-søknaden vart sendt, men avslått. Viktig erfaring og læring vart tileigna.
- Utvikle emne på bachelornivå som omhandlar problemstillingane rundt grøn shipping. Det var godt samarbeid med Hochschule Emden/Leer. Emnet vart planlagt, utvikla og gjennomført i 2017.
- Utvikle forskningsfeltet "New Seamanship" med tanke på :1) lage eit nettverk av forskarar tilsette på dei maritime høgskulane og universiteta 2) utvikle eit større

forskningsprosjekt om temaet "framtidas sjømannskompetanse" og søke eksterne midlar. Noko er utsett til 218.

- Tiltaket «integrrert praksis» vart i 2017 gjennomført og ferdigstilt. Formålet med tiltaket var å inkludere praksis som valemne i nautikkutdanninga ved HVL. Både studentar, reiarlag og førelesarar som var involverte, har gode tilbakemeldingar på emnet, og HVL vidarefører dette.
- HVL har hatt leiarvervet i det nasjonale rådet for høgare maritim utdanning, HMU. HVL har stått for sekretariatsfunksjonen som følger med leiarvervet. Tiltaket vart lagt ned sommaren 2017.

### *Følgjegruppe for barnehagelærerutdanning (FG) - tildelt over kap 281 post 01*

Følgjegruppa for barnehagelærerutdanning vart etablert i 2013. Gruppa hadde eit mandat som gjaldt for fire år, fram til sommaren 2017. Det nasjonale faglege sekretariatet for gruppa vart lagt til Høgskulen på Vestlandet, Senter for utdanningsforskning. Følgjegruppa sitt mandat var å vurdere utviklinga i den nye barnehagelærerutdanninga og gi rettleiing til institusjonane. Tildelinga for 2017 var to mill. kroner.

Det er levert fem hovudrapportar og ein delrapport frå prosjektet. Dei to rapportane frå følgjearbeidet dette året har vore formidla på fleire seminar og på sluttkonferansen for prosjektet 19. oktober 2017 ved HVL. Det er også gjennom åra levert fleire artiklar som bidrag i formidlingsarbeidet. Rapportane frå arbeidet i følgjegruppa for perioden august 2016- august 2017 vart ferdigstilt i september 2017. Det er utarbeidd ein årsrapport med tittel: «Barnehagelærerutdanninga. Ei reform tek form?» Dessutan ein oppsummerande rapport frå dei fire følgjeåra med tittel: «Barnehagelærerutdanninga. Styrker, svakheiter og gjenstridige utfordringar.» Rapportane vart overleverte Kunnskapsdepartementet i eige møte i oktober 2017. Rapporten vart også presentert på avslutningskonferansen 19. oktober 2017 på Høgskulen på Vestlandet, Kronstad.

Det har vore ei prioritert oppgåve for følgjegruppa å halde ein open dialog i følgjearbeidet med alle sider ved sektoren. Gruppa og sekretariatet har såleis dette året delteke på ulike møte og seminar i Norges forskingsråd, NERA-konferanse i København, Utdanningsforbundet, NRLU-gruppa som arbeider med revisjon av nasjonale retningsliner for barnehagelærerutdanninga, Forskarforbundet og andre. Prosjektet er no avslutta.

## Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda

I tråd med rapporteringskrava frå KD gir dette kapittelet ein omtale av følgjande område:

- Styring og kontroll
- Effektiviseringstiltak
- Tryggleik og beredskap
- Oppfølging av Panorama-strategien
- Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit

### *Styring og kontroll*

#### **Overordna vurdering HVL**

Det statlege kravet til internkontroll i dei statlige verksemdene går ut på at verksemdene skal ha system som tek i vare løysingar for internkontroll som er tilpassa både risiko og det som er vesentleg i sakene. Slike heilskaplege løysingar sikrar ein gjennomgåande god forvaltningskvalitet.

Økonomireglementet §§ 4 og 14 og føresegnene pkt. 2.4 gjeld heile verksemda og eit breitt spekter av krav til intern kontroll. Vi kan nemne både mål og det å oppnå resultat, planlegging/disponering innanfor ressursrammene, oppfølging av føringar frå overordna myndigheit, effektiv ressursbruk, god forvaltningsskikk, god styringsinformasjon, påliteleg og nøyaktig rekneskap.

HVL har i 2017 i stor grad vidareført aktiviteten kring dei tre fusjonerte høgskulane HiSF, HiB og HSH medan nye organisatoriske strukturar har vorte etablert. I 2017 har vi derfor også bygd internkontrollsystem og risikostyring på dei tidlegare vurderingane som institusjonane hadde kvar for seg. I 2017 har vi starta utviklinga av felles strukturar med tanke på ei heilskapleg styring.

For 2017 har styret ved HVL hatt ein felles årsplan som er rapportert etter i denne årsrapporten. Styret si rettesnor i 2017 har vore fusjonsavtalen. Med denne som utgangspunkt har styret i 2017 utarbeidd ein utviklingsavtale med KD. HVL sin første strategiplan vil likevel ikkje bli vedteken før i 2018. Nye organisasjonsstrukturar på tvers av geografi kom i gang i fagavdelingane 1.1.18, medan dei administrative strukturane ikkje vil vere klare før eit stykke inn i nyåret. Dette er eit krevjande bilde i eit styrings- og kontrollperspektiv. I heile 2017 har vi hatt stor aktivitet på tvers av dei tidlegare institusjonane på alle administrative område for å kartlegge nye prosessar og rutinar. Dette er viktig med tanke på auka effektivitet, felles praksis og etablering av felles intern kontroll. Første fase av dette arbeidet er ferdig, men vil halde fram i 2018.

HVL er ein så stor institusjon at det skal vurderast å etablere internrevisjon. Høgskulen i Bergen hadde etablert eit samarbeid om internrevisjon med Nord Universitet, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Agder før fusjonen. Dette samarbeidet har vi vidareført for HVL.

HVL hadde ingen merknader i Dokument nr. 1 i 2017. Dette var revisjonen av 2016-rekneskapa for dei tre tidlegare institusjonane.

## **Effektivisering**

HVL vart etablert frå 1.1.17, med klare mål for langsiktige effektar knytt til fusjonen. Desse måla handlar i stor grad om å skape effektar i regionen og for kunnskapssamfunnet, basert på auka kraft knytt til fagleg samhandling. Høg effektivitet vil derfor på noko sikt måtte kunne identifiserast som betre studentrekruttering, betre gjennomstrøyming, det at kandidatar kjem snøgt i arbeid, og internasjonalt anerkjent forskning med relevans for utdanningane, der ressursbruken aukar mindre enn effektane.

HVL har i sitt første driftsår ikkje hatt nokon nedgang på vesentlege kvalitetsmål, på same tid som ein har gjennomført eit betydeleg fusjonsarbeid. Fusjonsarbeidet har vore delvis finansiert med ekstra løyvingar. Det inneber at ein for 2017 har vore svært produktive i den faglege og administrative verksemda.

Fusjonsprosessane vart leia gjennom programmet for organisasjonsutvikling (OU-programmet). Dei administrative prosessane er gjennomgått, beste praksis er identifisert, og nye prosessar for lik kvalitet på fem campusar er lagde inn i ein eigen kvalitetsportal. Vel 200 prosessar er teikna ut og lagt inn i portalen. I etableringa av dei administrative strukturane har ein lagt vekt på at ressursbruken til administrativt arbeid pr. fagleg tilsett ikkje skal auke, trass i at ein i utgangspunktet har hatt ein effektiv administrasjon.

Arbeidet med digitalisering har vore eit prosjekt i OU-programmet. I dei komande åra vil delar av dei administrative prosessane bli automatiserte. Vi har i 2017 automatisert to prosessar ved hjelp av robotteknikk, og har gjennom dette hausta gode erfaringar til vidare bruk.

Digitaliseringsprosjektet har også peika på rom for å strukturere og samordne styringsdata på betre måtar. Her vil vi i 2018 planlegge for digital verksemdsstyring, og byggje eit slikt system i 2019, saman med andre institusjonar som samarbeider om slike løysingar.

Dei fusjonerande partane hadde på kvar sin kant gjennomført utdanning med teknologistøtte. I 2017 har vi prøvd ut undervisning i fag med både teori og praktiske øvingar (intensiv- og operasjonssjukepleie). Dette har gjeve vesentleg kunnskap om vidare arbeid med samordning av utdanningar på tvers av studiestader. Lærarutdanninga vil lansere Vestlandsklassen i ulike fag, slik at ein kan gje undervisning i fag som ein elles ikkje ville kunne gjeve på kvar av campusane. Det er lagt grunnlag for gjennomføring av auka samordning og samkøyring av alle utdanningar der det er relevant. Dette grip inn i faglege, administrative og fysiske planleggingsprosessar og stiller nye krav til integrasjon av system.

HVL har ein universitetsambisjon, med utfordrande krav knytt til å løfte tal fagleg tilsette i første- og toppstillingar. Effektiviseringstiltaka som er omtalte ovanfor, og dei som skal setjast i verk framover, vil vere vesentlege for å finansiere dette samansette kompetanseløftet.

## ***Tryggleik og beredskap***

### ***Ros-analysar***

ROS-analysar som allereie er utarbeidde for nærregionane, vil bli gjennomgånne og koordinerte, slik at dei blir gjeldande for heile HVL frå 2018. I tillegg vil det bli utarbeidd nye analysar.

### ***Førebyggjande tiltak***

Førebyggjande tiltak og tiltakskort som allereie er laga, vil bli gjennomgånne og koordinerte for heile HVL i 2018.

### ***Krise- og beredskapsplan***

Det vart i 2017 nemnt opp ei arbeidsgruppe som har arbeidd med ein ny krise- og beredskapsplan, med krisegrupper organiserte på strategisk nivå og på lokalt operativt nivå, gjeldande frå 2018. Krise- og beredskapsplanen er godkjent i 2018 og skal sikre god krisehandtering, samt styrke HVL si evne til å takle kriser. Kriseorganisasjonen er bygd på dei fire grunnleggjande prinsippa i den nasjonale beredskapstilnærminga: ansvarsprinsippet, likskapsprinsippet, nærleiksprinsippet og samvirkeprinsippet.

### ***Øvingar***

Høgskulen på Vestlandet nyttar krisestøtteverktøyet Kunnskaps-CIM (KD-CIM) i krise- og beredskapsarbeidet. Det er gjennomført lokale øvingar på innkalling av beredskapsgruppene i 2017 i KD-CIM. I 2018 vil høgskulen prioritere å få implementert den nye kriseorganisasjonen gjennom opplæring, samt øve på innkalling av krisegruppene og gjennomføre øvingar for å teste eigen beredskap.

### ***Leiingssystem for informasjonssikkerheit***

HVL sette i september 2017 i gang eit prosjekt for å utarbeide eit nytt leiingssystem for informasjonssikkerheit. Prosjektet starta med ein ROS-analyse innanfor fem kritiske område: studieadministrasjon, personale, forskingsadministrasjon, arkiv og IT. Basert på ROS-analysen og rettleiarane frå UNINETT og DIFI, er eit nytt leiingssystem for informasjonssikkerheit under utvikling. UNINETT har vore rådgjevande instans undervegs i arbeidet. Den styrande delen av systemet vil bli behandla i HVL-styret i mars 2018. Arbeidet med å vidareutvikle og innføre systemet vil halde fram i 2018.

## Oppfølging av Panoramastategien

HVL har samarbeidd med alle Panoramalanda, og i 2017 sendt med 14 søknader om samarbeid med Panoramaland både innanfor UTFORSK-programmet, Erasmus, InternAbroad og NOTED. Av desse vart sju innvilga og sju fekk avslag. HVL-samarbeid med Panoramaland som er særskilt verd å nemne, er samarbeidet med kinesiske universitet innanfor barnehagelærerutdanning og dramapedagogikk, samarbeidet med Coimbatore University of Technology, India innanfor fornybar energi og samarbeid med University of Kwa-Zulu Natal, Sør-Afrika innanfor grunnskulelærerutdanninga. To av søknadene som fekk avslag, var i samarbeid med Russland. Det vert vurdert å sende desse inn på nytt i 2018.



*Faksimile frå [www.hvl.no](http://www.hvl.no): HVL har fått UTFORSK-midlar til samarbeid med Kina og Sør-Afrika*

Tabell 4.1.1 Innvilga søknader med Panoramaland 2017

Land	Institusjon	Program	Prosjekt-ID	Beløp (NOK)
Kina	Shanghai Theatre Academy	UTFORSK	UTF-2017-four-year/10023	2 000 000
Sør-Afrika	University of Western Cape	UTFORSK	UTF-2017-two-year/10100	300 000
	University of Kwa-Zulu Natal	UTFORSK	UTF-2017-four-year/10077	2 000 000
	University of Kwa-Zulu Natal	NOTED	NOTED-2017-four-year/10036	2 500 000
	University of Cape Town	INTERN ABROAD	INA-2017/10058	300 000
Japan	Kansai University	INTERN ABROAD	INA-2017/10023	300 000
<b>Totalsum</b>				<b>7 994 150</b>

Tabell 4.1.2 Innvilga søknadar med Panoramaland 2016

Land	Institusjon	Program	Prosjekt-ID	Sum (NOK)
Brasil	Federal University of Campina Grande	UTFORSK	UTF-2016-CAPES-SIU/10032	594 150*
Brasil	Universidade do Vale do Itajai (UNIVALI)	ERASMUS+	2016-1-NO01-KA107-021852	619 528**
India	Coimbatore Institute of Technology	UTFORSK	UTF-2016-long-term/10051	2 000 000
Kina	Beijing Normal University og East China Normal University	UTFORSK	UTF-2016-long-term/10001	2 000 000
	Hong Kong Polytechnic University	UTFORSK	UTF-2016-short-term/10067	300 000
	Southwest University og Guizhou Academy of Sciences	UTFORSK	UTF-2016- short- term/10049	300 000
Sør-Afrika	Cape Peninsula University of Technology	UTFORSK	UTF-2016-short-term/10056	300 000
<b>Totalsum innvilga</b>				<b>6 113 678</b>

\* Prosjektet får også økonomisk støtte frå Brasilianske myndigheiter

\*\* Verdi i Euro = 64 400 (1 euro = 9,62 nok)

I tillegg til samarbeid om forskings- og utdanningsaktivitetar er det mobilitet av studentar og tilsette mellom HVL og partnerinstitusjonar i alle Panoramalanda så nær som Russland. Dette omfattar både semesterstudium og kortare opphald.

Tabell 4.1.3 Studentmobilitet mellom HVL og Panoramaland 2016 og 2017

Land	Brasil	India	Kina	Sør-Afrika	Japan
Inn	8 (21)*	7 (1)	29 (16)	4	4
UT	5 (1)	0	0 (52)	21 (32)	3
<b>Sum</b>	<b>13 (22)</b>	<b>7 (8)</b>	<b>29 (68)</b>	<b>25 (36)</b>	<b>4</b>

\* Tal i (parentes) viser mobilitetar under 3 mnd.

## Likestilling, diskriminering og tilgjenge

Sjå eige vedlegg

## Kapittel V Framtidsutsikter

Høgskulen på Vestlandet har eit overordna strategisk mål om å verte eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil som er tett på arbeidslivet, studentane og regionen.

HVL har deling som drivkraft, ideal og metode. Kunnskap veks når den blir delt. Det vi gjer, skal støtte opp om vekst for ei berekraftig utvikling av samfunns-, arbeids- og næringslivet og for den enkelte.



Hausten 2017 starta arbeidet med å lage ein strategiplan for høgskulen. Denne skal vere klar til sommaren 2018. I tillegg til ein overordna strategi skal det òg lagast strategiar for dei fire fakulteta.

Frå 2018 har HVL gått inn i ein utviklingsavtale med KD. Avtalen inneheld sju utviklingsmål for områda regional utvikling, institusjonsbygging og utdanningskvalitet. Utviklingsavtalen har forankring i fusjonsplattforma og speglar dei overordna prioriteringane til HVL fram mot 2020. Målområda med dei tilhøyrande utviklingsmåla i utviklingsavtalen skal forankrast i høgskulen sin framtidige strategiplan, og på denne måten gå inn i den ordinære plan- og verksemdsoppfølginga.

### ***Mellombels planstruktur 2018***

Tidleg i 2017 vedtok styret i HVL seks mellombelse verksemdsmål som alle er baserte på fusjonsavtalen mellom dei tre tidligare høgskulane, og som samla sett dekkjer dei fire sektormåla frå KD. Styret har vedtatt at verksemdsmåla i sin heilskap skal vidareførast i 2018 fram til HVL har laga ein strategi.

Under kvart av dei seks verksemdsmåla er det skissert overordna verkemiddel og tiltak der nokre er heilt eller delvis vidareførte frå 2017, medan andre er nye for 2018.

Dei overordna verkemidla og tiltaka er viktige føresetnader for verksemdsmåla, samstundes som dei òg er viktige for å oppnå måla i utviklingsavtalen med KD.

I 2018 er dei sju utviklingsmåla plasserte inn under relevant verksemdsmål i årsplanen. Dette er ei mellombels løysing. Korleis målområda og utviklingsmåla i avtalen med KD skal integrerast i den framtidige målstrukturen til høgskulen, må avgjerast i det strategiarbeidet som no er sett i gang.

### ***Nasjonale styringsparametrar og ambisjonar***

KD har fastsett nasjonale styringsparametrar der institusjonane skal vere særleg merksame på korleis resultata utviklar seg (sjå oversikt i innleiinga til kapittel III).

I tillegg til desse har HVL definert eigne måleparametrar/milepålar for utviklingsmåla (sjå oversikt i årsplan).

HVL sin organisasjonsstruktur med fire fakultet vart gjeldande frå 1.1.18. For 2017 er alle resultat blitt rapporterte inn etter den mellombelse strukturen med nærregionar. Det er først i februar 2019 at HVL har eit komplett datasett for resultat i fakulteta. Desse er viktige for å fastsetje eit riktig ambisjonsnivå både for fakultet og verksemda som heilskap.

I tillegg er det å fastsetje eit ambisjonsnivå for resultatutviklinga ein naturleg del av den pågåande strategiplanarbeidet.

Av desse grunnane har ikkje HVL vedteke eit ambisjonsnivå for dei nasjonale styringsparametrane og måleparametrar for utviklingsmåla i årsplanen for 2018.

### ***Overordna risikovurdering***

Styret har gjennom 2017 hatt overordna diskusjonar kring risikoområde og kritiske suksessfaktorar for realisering av målsetjingane til HVL.

Målet med fusjonen er byggje ein sterkare og meir solid organisasjon enn det dei tre tidligare høgskulane ville ha vore kvar for seg. Sjølv om HVL allereie har hausta gevinstar frå fusjonen, er det langt i frå risikofritt å byggje ein heilt ny organisasjon samstundes som ein skal halde oppe og auke aktivitetsnivået når det gjeld utdanning og FoU, og med ein universitetsambisjon for auga innan 2023.

Når det gjeld ambisjonen om å verte eit universitet, er det fleire risikoar som HVL må vere særskild merksame på. Studentane er den viktigaste ressursen for HVL. Universitetsambisjonen krev kvalitet på alle utdanningsnivå. Styret er svært opptekne av at arbeidet med å auke utdanningskvalitet og studentrekrutteringa, må vere halde fram. Å tett på studentane er ein viktig føresetnad for både god studentrekruttering og auka gjennomstrøyming, og det er viktig at ein har fokus på dette på alle nivå i organisasjonen.

Styret er òg oppteken av konsekvensane av at ein ikkje får tildelt nye rekrutteringsstillingar. Dette vil gjere det utfordrande å prioritere ressursar mellom dei ulike utdanningsnivåa. Master- og ph.d.-utvikling skal ikkje gå på kostnad av kvalitet i bachelorutdanningane.

Gjennomstrøyming i ph.d.-programma, og det at vi ikkje greier å målrette bruken av eigne stipendiatstillingar inn mot eigne ph.d.-program, er òg eit risikoområde som kan ha alvorleg konsekvens for universitetsambisjonen. Det er dessutan peikt på risikoen for at HVL ikkje oppnår dei formelle kompetansekrava til dei ulike utdanningsnivåa. Sannsynet for at dette vil skje, er nok litt ulik på dei ulike fakulteta, men har ein alvorleg konsekvens for heile HVL.

For å ha mulegheit til å prioritere tiltak knytt til utviklingsavtalen, universitetsambisjonen og andre langsiktige strategiske satsingar, meiner styret det er kritisk at HVL har fokus på aktivitetar som tryggjer det økonomiske handlingsrommet, deriblant tiltak for å auke prosentdelen eksternt finansierte prosjekt, auke studentrekrutteringa, studiepoengproduksjonen og gjennomstrøyminga i utdanningane.

Med dei geografiske avstandane som HVL har, er det òg knytt risiko til om høgskulen vil lykkast med den digitale satsinga. I fusjonsplattforma er det eit uttalt mål at HVL si digitale satsing skal vere i kunnskapsfronten. Dette er ambisiøst, men òg naudsynt for å kunne drive organisasjonsutviklingsarbeidet vidare, samkøyre utdanningar, gjennomføre FoU-aktivitet på tvers av campusar og, ikkje minst, for å ta i vare den regionale rolla.

HVL har mål om å vere tett på det regionale samfunns- og arbeidslivet og vere ein sentral bidragsytar for berekraftig utvikling på Vestlandet. I ei tid med mykje intern merksemd kan den regionale rolla til høgskulen bli sett under sterkt press. For å redusere denne risikoen er det særskild viktig at HVL prioriterer tiltak som byggjer opp om den regionale rolla. Styret

meiner det er viktig at dei regionale føremonane som dei gamle institusjonane hadde, blir tekne vare på i den nye organisasjonen, samstundes som ein klarar å hauste synergjar i fellesskap.

Styret peiker òg på at det er naudsynt at satsinga på EU-søknader vert styrka sjølv om det er ambisiøst for institusjonen i den fasen HVL er inne i. Styret har her understreka at leiinga må gjere koordinerte og målretta prioriteringar av kva for fagmiljø som har dei beste føresetnadene for å lykkast, fordi søknadsprosessar krev mykje institusjonell støtte og ressursar.

Sist, men ikkje minst, vil styret peike på at ein fusjon er enormt kostnadskrevjande. Ikkje berre i kroner og øre, men den har òg menneskelege kostnader. Å sjå til at dei tilsette har gode arbeidsmiljø vil framleis vere ein kritisk suksessfaktor for ein vellykka fusjonsprosess og for kunne byggje ein ny organisasjon. Styret har peikt på at verksemdsmål 1 *HVL skal vere ein samla institusjon* er ein føresetnad for realisering av andre mål, og det viktigaste målet HVL må ha for auga også i 2018. Det er her særskilt viktig at HVL kjem i mål med den administrative organisasjonsstrukturen. Likevel krev ein samla organisasjon meir enn ein felles struktur. Styret meiner det òg er kritisk at HVL prioriterer tiltak som legg til rette for ein felles kultur. Å satse på leiarutvikling er til dømes ein viktig del av dette arbeidet.

## Budsjett 2018

I 2018 skal HVL leggje grunnlaget for å hente ut fusjonsgevinstar både fagleg og administrativt, inkludert effektivisering. I HVL sitt budsjett for 2018 er det gjort koplingar mellom strategisk modul, SAKS-midlar og årsplan.

## Disponering av løyving

I tildelingsbrev 2018 for Høgskulen på Vestlandet finn vi fylgjande oversikt over løyvinga for 2018:

### 3.1 Budsjettvedtak kap. 260 post 50

Stortinget har bevilget totalt 34,4 mrd. kroner over kap. 260 post 50 i 2018 til universiteter og statlige høyskoler.

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette **1 905 586 000 kroner** til Høgskulen på Vestlandet. Tabellen nedenfor viser saldert budsjett for 2017, endringene i budsjetttrammen fra 2017 til 2018 og saldert budsjett for 2018.

Tabell 1	Beløp (i kroner)
Saldert budsjett for 2017, jf. Innst. 12 S (2016–2017)	1 794 211 212
Konsekvensjustering	15 806 000
Justering for pris- og lønnsøkning	48 869 788
Nye studieplasser og opptrapping av 500 IKT-studieplasser	4 070 000
Andre budsjettendringer	19 518 000
Resultatbasert uttelling åpen budsjetttramme	20 506 000
Resultatbasert uttelling lukket budsjetttramme	2 605 000
Saldert budsjett for 2018, jf. Innst. 12 S (2017–2018)	1 905 586 000

For en forklaring av de enkelte endringene vises det til *Orientering om statsbudsjettet 2018 for universitet og høyskoler*.

Hausten 2017 vedtok styret i HVL ny intern budsjettfordelingsmodell som fordeler løyvinga frå KD ut i fem forskjellige modular.

1. **Strategiske midlar** - skal fordelast vår 2018 til mellom anna eigenfinansierte stipendiatar, studentrekruttering, stimulering til auka eksternfinansiering, stønad til senter, satsing på ph.d.-studium og samkøyring av utdanningar.

2. **Resultatfinansiering** – til fakulteta
3. **Basisfinansiering** – til fakulteta
4. **Fagleg og administrativ støtteteneste** (realbudsjetterte)
5. **Institusjonskostnader** – mellom anna husleige (351 mill. kroner), stipendiatbudsjett og ikkje-fordelt lønnskompensasjon

Modul 2 og 3 blir fordelt heilt ut til fakulteta og utgjør hovuddelen av deira løyving.

Ved bruk av budsjettfordelingsmodellen for 2018 får vi følgjande fordeling:

Område:	Sum
Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett	330 000 000
Fakultet for helse og sosialfag	255 000 000
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	216 000 000
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap	82 000 000
Nasjonalt senter for mat og helse	8 714 000
Realbudsjettert administrasjon på fakulteta	38 000 000
Strategiske midlar	46 000 000
Faglege og administrative støttetenester	220 000 000
Institusjonskostnader	706 000 000
Budsjettendring frå forslag til endeleg statsbudsjett - ikkje fordelt :	3 872 000
<b>Total KD-tildeling:</b>	<b>1 905 586 000</b>

Av dette er det budsjettert ca. 65% til lønnskostnader og 35% til driftskostnader.

I tillegg kjem øyremerka tildelingar frå KD, som blir direkte fordelte til det området dei er øyremerka til. For 2018 er dette følgjande område:

- Utvikling og drift av partnerskap i grunnskulelærerutdanningane 7 254 000 NOK
- Utstyrsmidlar til Gymnasbygget i Sogndal 2 700 000 NOK

I tillegg til løyvinga frå Kunnskapsdepartementet har HVL totalt avsetjingar på 258 mill. kroner. Store delar av dette er midlar knytt til ordinær utsett verksemd. Om lag 60 mill. kroner er bundne midlar til ubrukte øyremerka løyvingar frå statlege einingar. Om lag 70 mill. kroner er øyremerka internt til byggeprosjekt og campusutvikling. Anna disponering vert behandla av styret våren 2018.

## **Større byggeprosjekt**

Den nye Høgskulen på Vestlandet har dei siste åra hatt stor aktivitetsauke, og det er derfor stort arealbehov i form av både nybygg og også rehabilitering/renovering ved fleire av campusane. Ein god måte KD som eigar kan bidra til at den nyfusjonerte høgskulen når sine ambisjonar på, er gjennom tildelingar i statsbudsjettet til nybygg/ husleigeauke/ utstyr og rehabilitering/renovering.



Alternativet er at HVL må nytte handlingsrommet til investeringar i bygg, som kurantprosjekt. Ved kurantprosjekt må institusjonen sjølv dekke både auka husleigekostnader og utstyr. Når vi no har fleire prosjekt som kan kome inn under definisjonen for kurantprosjekt, vil det i sum bli kostbart for HVL å finansiere dette.

Det er arealbehov og utbyggingsprosessar ved fleire campusar. Desse er komne ulikt langt i plan, avgjerdsprosessar og iverksetjing.

## **Campus Bergen**

Det største bygget er knytt til Bergen og Kronstad. Aktivitetsauken dei siste åra har vore så stor at hovudbygget var for lite då det stod ferdig. Ved å byggje eit tilleggsbygg vil ein kunne samle meir av aktiviteten rundt hovudbygget. Dette bygget er godkjent av KD i 2017 som kurantprosjekt. Kronstad II er sett i gang og er planlagt ferdigstilt våren 2020.

HVL overtok nye areal ved Barne- og ungdomspsykiatri (BUS) i Bergen i mars 2017.

HVL har gjort ein intensjonsavtale om leige av areal i samband med etablering av Helsecampus Årstadvollen (HCA). HCA har planlagt byggestart februar 2018 og skal vere ferdigstilt i løpet av 2020.

## **Campus Sogndal**

Fullføringa av rehabiliteringa av Gymnasbygget ser ut til å gje ei god og arealeffektiv løysing for Sogndal, som vil eigne seg godt for verksemda til HVL. Det er venta at innflytting kan skje i desember 2018. Statsbygg er ansvarleg for rehabilitering og ombygging, men høgskulen må investere i inventar, utstyr og ikt i bygget. Det er sett av midlar til føremålet. Uteområdet utanfor Gymnasbygget er ikkje ein del av prosjektet, slik at kostnadene ved dette kjem utanom. Det er sett ned ei gruppe som arbeider med uteområdet. Det er òg sett ned ei intern arbeidsgruppe som vil vurdere namnet på Gymnasbygget, etter innspel frå eigargruppa på Fosshaugane Campus.

I samband med innflytting i Gymnasbygget blir det frigjort areal i Fossbygget. For å få ei effektiv arealutnytting må delar av Fossbygget byggjast om. Der trengst både kontor og undervisningsrom. Dette arbeidet har ikkje starta.

### **Campus Førde**

Campus Førde har framleis behov for større undervisningslokale og meir areal til arbeidsplassar til tilsette. Ein er i gang med å vurdere alternativ for vidare utbygging. Høgskulen var i kontakt med Helse Førde om å leige areal hjå dei, i deira planlagde nybygg, men dei planane er utsette. HVL er derfor i dialog med Statsbygg for å sjå kva for alternativ som ligg føre hjå dei.

### **Campus Haugesund**

I Haugesund har aktivitetsauken i bygget som stod klart på slutten av 90-talet, også vore så stor at det er behov for nye areal. Ein greier her ut eit Maritimt senter i samarbeid med regionen. Bygget er under planlegging. Statsbygg har gjennomført rom- og funksjonsanalyse som viser at dagens bygg ikkje har potensial for auka aktivitet. Institusjonen har vorte nøydd å leige nye lokale. Styret er orientert, men har ikkje gjort endeleg vedtak i saka.

I Haugesund er det elles i 2017 bygd ein brannhall til forskingsføremål.

### **Campus Stord**

Kroppsøvingshallen på Stord er frå 1920, og har dei siste åra blitt rehabilitert av Statsbygg. Det har vore eit sterkt ønske om å føre hallen tilbake til sitt opphavlege uttrykk, noko som har ført til at hallen ikkje kan brukast som ordinær idrettshall. Hallen har korkje storleik eller fasilitetar som tilfredsstillar dagens krav. Det er derfor behov for å byggje ein ny hall. Styret har ikkje hatt saka til handsaming.

# Årsplan HVL 2018

## Verksemdsmål 1: HVL skal vere ein samla institusjon

Den faglege strukturen til HVL vart lagt i 2017. No skal denne konsoliderast, og dei nye leiarane skal få høve til å byggje sine einingar. Dette skjer både gjennom utviklinga av fakultetsvise strategiar, fastlegging av senterstruktur og tydeleg markering av leiargruppeutvikling.

Grunnlaget for felles administrative system og like tenester på tvers av fem studiestader vart lagt i 2017. Arbeidet med den administrative strukturen vert avslutta med innplassering av tilsette våren 2018. Strukturen skal vere føreseieleg for den einskilde, standardisert nok gitt dei måla HVL no har, og tilstrekkeleg fleksibel til å kunne fungere også etter komande digitaliseringsprosessar. Administrative løysingar skal ytterlegare effektiviserast gjennom satsing på nye og betre IT-system og felles kompetanseutvikling i støttetene. Også i dei administrative einingane vert leiarutvikling viktig i 2018.

HVL ønskjer å nytte det potensielle tilfanget av styringsdata til å innrette ressursbruken på ein betre måte. Både oversikt over, og innretting av ressursar, blir avgjerande for å nå ambisiøse mål. Vi skal derfor byggje gode digitale system og verksemdstyring, der systembygginga trekkjer vekslar på nasjonale samarbeid og interne ressursar. Dette er eit sentralt verkemiddel for å realisere målsetjinga om at HVL skal verte ein lærande organisasjon. Arbeidet med digital verksemdstyring startar i 2018, som del av ein samla portefølje av digitaliseringsprosjekt.

HVL er bygd på stolte tradisjonar i eit Vestland som stundom er utfordrande med omsyn til samhandling. Strukturen i HVL er tufta på fag, ikkje på geografi. Det gir eit godt grunnlag for å hauste faglege gevinstar. Samstundes er det avgjerande at støttestrukturar, tekniske løysingar og ikkje minst kulturtiltak byggjer opp under dette. I 2018 og åra som kjem vert det vesentleg at både leiarutvikling og bygging av fag- og forskarfelleskap vert prioritert høgt.

### ***Overordna verkemiddel og tiltak for HVL i 2018***

- Ferdigstille og setje i verk heile den faglege og administrative organisasjonsstrukturen
- Leggje til rette for å byggje felles kultur, gode arbeidsmiljø og utvikle sterke faglege og administrative fellesskap i og på tvers av organisatoriske einingar og nærregionar
- Satse på leiarutvikling for å ruste nye leiarar for utfordrande oppgåver i ei ny organisasjon
- Gjennomføre strategiprosess på institusjons- og fakultetsnivå
- Vidareføre og vidareutvikle satsinga på digitalisering med vekt på infrastruktur, systemtilrettelegging og digital kompetanseheving
- Setje i gang eit arbeid med å etablere eit system for digital verksemdstyring
- Utvikle og innføre eit leiarsystem for informasjonstryggleik og gjennomføre tilpassingar til ny personvernlovgiving

## **Verksemdsmål 2: HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet**

HVL har i fusjonsavtalen og i den nye utviklingsavtalen med KD forplikta seg til eit tett samarbeid med regionalt samfunns og næringsliv og offentleg sektor med mål om å vere ei drivkraft i og for ei berekraftig utvikling på Vestlandet. For at HVL skal vere ein attraktiv, og føretrekt samarbeidspartnar, må kunnskap som vert produsert gjennom forskning, utdanning og formidling, vere relevant og halde høg internasjonal kvalitet.

Dei tre tidlegare institusjonane kan vise til eit mangeårig og godt samarbeid med arbeids- og næringslivet i sine nærregionar. Det er viktig at desse relasjonane og dei regionale føremonane som dei tidlegare institusjonane hadde, blir tekne vare på. Samstundes skal HVL som fusjonert institusjon ytterlegare styrke sin posisjon og regionale rolle ved å kunne sjå heile Vestlandet under eitt. Målet er at studietilbodet til ei kvar tid skal reflekterte dei kunnskaps-, kompetanse- og ferdigheitsbehova som det regionale arbeidslivet etterspør. Tidsriktige utdanningar er «rett utdanning til rett tid», med det relevante innhaldet som kandidaten og arbeidslivet treng.

I 2018 er det sett i gang eit større arbeid med å kartleggje og evaluere ulike samarbeidsrelasjonar og samarbeidsarenaer av strategisk art. I stort handlar det om å finne fram til relevante og funksjonelle former for samarbeid, for å kunne fange og følge opp behova i Vestlandsregionen, slik at ein får større fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor

For å kunne styrke den regionale rolla er det er òg avgjerande for HVL å rekruttere inn relevant kompetanse frå arbeids- og næringsliv. Å utvikle gode system for delte stillingar er her eit viktig verkemiddel.

For å kunne vurdere relevans er HVL òg avhengig av tilbakemeldingar frå uteksaminerte kandidatar. I 2018 er det planlagt å gjennomføre ei kandidatundersøking saman med studentsamskipnaden og andre utdanningsinstitusjonar.

### ***Overordna verkemiddel og tiltak for HVL i 2018***

- Utvikle gode system og strukturar for å kunne hente inn og kartleggje informasjon om kompetansebehova i Vestlandsregionen
  - Bidra i arbeidet med regionale kompetanseplanar
  - Utvikle gode system for delte stillingar
  - Gjennomføre kandidatundersøking saman med studentsamskipnaden og andre utdanningsinstitusjonar
- .....

## **Utviklingsmål KD 2018-2020**

- *Høgskulen skal styrke praksisnær utdanning og forskning og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverkssamarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfagleg samarbeid er berande element.*
  
- *HVL vil stimulere til auka relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep.*

### *Måleparametrar/milepålar*

- ✓ Omfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid
- ✓ Aktive *Råd for samarbeid med arbeidslivet* (RSA) og utvikling av strategiske møteplassar

### *Måleparametrar/milepålar*

- ✓ Kandidatar i relevant arbeid (kandidatundersøkinga)
- ✓ Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus
- ✓ Talet på utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet
- ✓ Talet på delte stillingar med arbeidslivet

### **Verksemdsmål 3: HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FoU-miljø som støttar opp under universitetsambisjonen**

HVL har eit overordna strategisk mål om å bli eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivretta profil som set spor både nasjonalt og internasjonalt. Kjenneteikna på universitetet skal vere praksisnær forskingsinnretting og profesjons- og arbeidslivretta forskingsprogram på tvers av studiestadane saman med samfunns- og næringsliv. Dette er eit sentralt mål i både fusjonsavtalen og utviklingsavtalen med KD.

I 2018 blir etablering av eit strategisk kompetansehevingsprogram viktig for å kunne realisere målet om ein auke i talet på tilsette med førstekompetanse og professor- eller dosentkompetanse.

Ein auke i den eksterne forskingsfinansieringa er ein kritisk suksessfaktor for å heve kompetansen, styrke FoU-arbeidet, byggje nettverk nasjonalt og internasjonalt, og ikkje minst for å skape eit større økonomisk handlingsrom for å realisere universitetsambisjonen. Det betyr at det må leggjast til rette for at forskarane kan og må søkje meir eksterne forskingsmidlar, m.a. frå Norges forskingsråd og Horisont 2020.

Utvikling og etablering av ph.d.-programma er òg heilt sentralt i det vidare strategiske arbeidet. HVL er avhengig av fleire rekrutteringsstillingar og må aktivt jobbe for å målrette bruken av rekrutteringsstillingane inn mot eigne program. I 2018 må det i tillegg rettast fokus på gjennomstrøyming av ph.d.-studentar i dei etablerte programma. Det er òg viktig å leggje til rette for bruk av nærings-ph.d. og offentleg-ph.d. i utviklinga av ph.d-programma, og ha god dialog med våre samarbeidspartnarar om desse ordningane.

HVL har eit mål om å involvere studentar i FoU-arbeid, og vil oppmode forskarar til aktiv involvering av masterstudentar i eigne FoU-prosjekt.

#### ***Overordna verkemiddel og tiltak for HVL i 2018***

- Leggje til rette for å auke den eksternt finansierte FoU-verksemda
  - Organisere, dimensjonere og auke kompetansen i dei administrative støttetjenestene på ein måte som støttar opp under universitetsambisjonen
  - Jobbe for å auke talet på KD-finansierte og eksternt finansierte stipendiatstillingar, og målrette bruken av rekrutteringsstillingar inn mot eigne ph.d.-program
  - Etablere og vidareutvikle ph.d.-programma
  - Etablere samarbeid og dialog med næringsliv og offentleg sektor om ordninga med nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d.
  - Etablere eit strategisk kompetansehevingsprogram
  - Oppmode forskarar til aktiv involvering av masterstudentar i FoU-prosjekt
- .....

## **Utviklingsmål KD 2018-2020**

- *HVL vil aktivt arbeide med å auke talet på tilsette med førstekompetanse og professor- og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetansen skal byggjast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.*
- *HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon*

### *Måleparameter:*

- ✓ Talet på førstekompetente, professorar og dosentar
- ✓ Talet på internasjonale professor II-stillingar
- ✓ Talet på offentleg-ph.d. og nærings-ph.d.

### *Måleparameter/milepålar:*

- ✓ Talet på masteroppgåver knytt til eigen forskingsaktivitet
- ✓ Gjort forskinga relevant for FN's berekraftsmål

## **Verksemdsmål 4: HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute**

Fusjonsavtalen stadfestar at HVL skal vere offensiv internasjonalt gjennom forpliktande opplegg for mobilitet i alle utdanningssyklusar, ha fleksible ordningar for tilsettmobilitet og vere synleg internasjonalt gjennom auka ekstern finansiering av utdanning og forskning.

I 2018 skal HVL intensivere satsinga på prioriterte område innanfor EU og Horisont 2020. Styret har her streka under at leiinga må gjere koordinerte og målretta prioriteringar av kva for fagmiljø som har dei beste føresetnadene for å lykkast, fordi søknadsprosessar krev mykje institusjonell støtte og ressursar.

For at HVL skal lykkast med den internasjonale satsinga må vi i endå større grad enn tidlegare tenkje internasjonalt om aktivitetane våre, både i den faglege delen av verksemda, men òg for å rigge dei administrative støttenestene til å kunne ta i mot Horisont 2020-prosjekt og tåle revisjonar frå EU. Eit overordna prosjekt for internasjonalisering er derfor planlagt lansert i 2018.

HVL kan vise til auke i delar av den internasjonale mobiliteten i utdanningane i 2017, men ligg framleis lågare snittet for statleg sektor. I 2018 må vi styrke innsatsen for at endå fleire av studentane våre vel å reise ut i verda, og for at endå fleire internasjonale studentar vel HVL og Vestlandet som sin destinasjon.

### ***Overordna verkemiddel og tiltak for HVL i 2018***

- Intensivere satsinga på prioriterte område innanfor EU og Horisont 2020
- Setje i gang eit prosjekt for internasjonalisering av heile verksemda
- Styrke og målrette tiltak for å auke den internasjonale mobiliteten i utdanningane, spesielt Erasmus+

## Verksemdsmål 5: HVL skal ha ein av dei leiande grunnskulelærerutdanningane i Norge

Regjeringa har valt å satse spesielt på grunnskulelærerutdanninga (GLU), gjennom innføringa av obligatorisk femårig masterutdanning for å bli utdanna lærar. Satsinga har òg vore synleg gjennom ekstra tildelingar til satsing på innføringa av dei nye utdanningane. I fusjonsprosessen har HVL også satsa spesielt på GLU, sidan lærarutdanningane ved nye HVL er mellom dei to største i landet. Denne utdanninga skulle starte midt i fusjonsprosessen, noko som vart løyst gjennom eit eige prosjekt, der ein programansvarleg og to studieleiarar vart tilsette før organisasjonen var etablert.

I utviklingsavtalen med KD har HVL forplikta seg til å samarbeide med UiB om lærarutdanning, mellom anna ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Det er etablert eit samarbeidsorgan som skal sørge for framdrift i dette arbeidet.

Mange interessante utfordringar ventar: auka studiekvalitet, tettare koplingar/fellesutdanningar mellom campusane, betre integrasjon i studieprogrammet, utvikling av samarbeidet med praksisskulane og utvikling av lærarutdanningsskular. Ut frå dette har styret bestemt å halde fram ei ekstra satsing på grunnskulelærerutdanning også i 2018.

### Overordna verkemiddel og tiltak for HVL i 2018

- Tydeleggjere høgskulen sin profil på grunnskulelærerutdanningane
- Utvikle profesjonsrettleiarrolla for betre samarbeid med studentar og praksisskular, og betre relevans i utdanninga
- Leggje til rette for auka bruk av studentaktive læringsformer og digitale verktøy
- Organisere «Vestlandsklassar» på tvers av fleire campusar
- Leggje til rette for auka internasjonalisering
- Styrke rekrutteringsarbeidet, med særleg fokus på 1–7
- Involvere studentane og skuleeigarar i vidareutviklinga av utdanningane
- Førebu etablering av lærarutdanningsskular
- Styrke rettleiarkompetansen på masternivå og leggje til rette for kopling mellom masteroppgåver i GLU og forskingsmiljøa
- Førebu tilsyn i 2019

---

### Utviklingsmål KD 2018-2020

- *HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare*

#### Milepål:

- ✓ Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UiB

## Verksemdsmål 6: HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga

HVL har høge ambisjonar for utdanningskvalitet, noko som er stadfesta både i fusjonsavtalen og i utviklingsavtalen med KD, og er avgjerande for å realisere Universitetsambisjonen.

Høgskulen leverer mange og relevante kandidatar som tek arbeid på Vestlandet og som er viktige for samfunnsutviklinga. Høgskulen ønskjer å vidareutvikle både profilen og posisjonen, og det blir lagt opp til ein gjennomgang av studietilbodet i 2018 med base i den pågåande strategiprosessen.

HVL skal ha høg kvalitet i utdanningane der nøgde og utviklingsorienterte tilsette bidreg med høg kompetanse både i undervisning og forskning. I 2018 vil arbeidet med å byggje ein felles kvalitetskultur stå sentralt. Utfordringane som ligg i Kvalitetsmeldinga,<sup>5</sup> vil vere utgangspunkt for dette arbeidet.

Det er ei målsetjing for HVL å vidareutvikle eit godt omdøme med gode og tette relasjonar til studentane. HVL skal ha fornøgde studentar som trivst i læringsmiljøet, lykkast i utdanningane og som medverkar i utviklinga av høgskulen. HVL må halde fram i arbeidet med studentrekruttering og gjennomstrøyming, og ha særleg merksemd på utdanningar som har utfordringar knytt til dette.

HVL skal ha god tilrettelegging av utdanningstilboda med sikte på at dei skal vere tilgjengelege for flest muleg, både på studiestadene og for dei som ønskjer å studere på avstand. Nært samarbeid med samfunns- og næringsliv og offensiv bruk av ny teknologi skal gjere dette muleg.

### **Overordna verkemiddel og tiltak for HVL i 2018**

- Arbeide målretta og systematisk med studentrekruttering til alle dei fem campusane og alle utdanningsnivå, med særleg merksemd og tiltak knytt til utdanningar og campusar med låg rekruttering
- Gjennomgå studieporteføljen med omsyn til ønska profil, nivå og dimensjon på det samla studietilbodet til HVL, og setje i gang arbeidet med samordning av utdanningar for å utnytte fusjonsgevinstar
- Vidareføre og vidareutvikle tiltak for å auke gjennomstrøyming og redusere fråfall i utdanningane med særleg merksemd og tiltak i utdanningar som ikkje når kandidatmåltala
- Følgje opp Kvalitetsmeldinga frå KD
- Utvikle eit felles kvalitetssystem for HVL
- Etablere ei eining for UH-pedagogikk og ha kompetansehevingstilbak i UH-pedagogikk for tilsette på fleire nivå
- Innføre ny læringsplattform for heile verksemda
- Leggje til rette for å auke talet på digitale eksamenar, vidareføre og utvide prosjekt
- Leggje til rette for å auke omfanget av e-læring
- Setje i gang arbeidet med å utvikle system for meritering av framifrå underviserar

---

<sup>5</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20162017/id2536007/>

---

## **Utviklingsmål KD 2018-2020**

- *HVL skal utvikle framtidretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.*

### *Måleparametrar:*

- ✓ Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar
- ✓ Talet på tilsette med formell pedagogisk basiskompetanse

- *HVL skal gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv og skal aktivt trekkje studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet gjennom studentoppgåver.*

### *Måleparametrar:*

- ✓ Talet på nettstøtta utdanningar
- ✓ Talet på bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med arbeidslivet

# Kapittel VI Årsrekneskap<sup>6</sup>

## *Leiarkommentarar til rekneskapen for 2017*

### **Institusjonens formål**

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart nyoppretta frå 01.01.2017 då Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane fusjonerte. HVL er ein utdannings- og forskingsinstitusjon som tilbyr eit breitt tilbod av yrkesnære utdanningar gjennom produksjon og formidling av kunnskap og forskning. Høgskulen har sterke og innovative fagmiljø i helse- og sosialfag, ingeniør- og naturvitskap, lærarutdanning, kultur og idrett samt økonomi og samfunnsvitskap.

Høgskulen på Vestlandet har høge ambisjonar og vil som ein ny fleircampusinstitusjon, byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø, og har ein ambisjon om å bli universitet. Campusane er lokaliserte i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund. Til saman har HVL om lag 16.000 studentar. HVL har ein overordna strategisk ambisjon om å verte universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

HVL skal sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt, og ha større fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunns-, og arbeids- og næringsliv. Høgskulen på Vestlandet skal vere den føretrekte samarbeidspartnaren og skal setje spor i utviklinga av vestlandsregionen.

### **Rekneskapsprinsipp**

Høgskulen har gjennomført statsoppdraget innanfor dei rammer som departementet har satt for institusjonen, ref. høgskulens løyvingsbrev for 2017. Det har ikkje vore tilhøve av vesentleg verknad for høgskulen sitt resultat og økonomiske stilling etter slutten av rekneskapsperioden. Rekneskapen er lagt fram i samsvar med reglane i dei statlege rekneskapsstandardane, samt rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement.

Leiarkommentaren er sett opp i samsvar med dei rapporteringspunkta som er gjevne av departementet i brev av 26.04.2017, 23.08.17 og 15.12.2017. Institusjonens revisor er Riksrevisjonen.

### **Vurdering av drifta ved institusjonen i perioden**

Høgskulen på Vestlandet starta arbeidet med utforminga av den faglege profilen, faglege satsingsområde og organisering hausten 2016. Interimsstyret som blei valt hausten 2016, er vidareført som styre for HVL frå 1.1.2017. Fagleg organisering og fakultetsstruktur er vedtatt i 2017, og sett i verk frå 1.1.18. Den administrative organiseringa skal vere klar første halvår 2018.

I 2017 har Høgskulen på Vestlandet hatt ei vidareføring av organiseringa frå dei tidlegare institusjonane/nærregionane. Budsjett og rekneskap er inndelt, og har blitt følgt opp mot kvar av nærregionane, og i tillegg har ein hatt eit fellesbudsjett for nokre felles utgifter samt kostnader som gjeld fusjonen.

---

<sup>6</sup> I dette kapittelet presenterer vi leiarkommentarane til rekneskapen for 2017. Alle rekneskapsoversikter som er rapporterte til DBH, er lagde som vedlegg til Årsrapporten.

Totalt har Høgskulen på Vestlandet i 2017 fått løyving på om lag 1,794 mrd. kroner, SAKS-midlar til samanslåingsprosessen på 39 mill. kroner, midlar til omlegging av grunnskulelærerutdanninga på 7,5 mill., midlar til følgjegruppe for barnehagelærerutdanning på 2 mill., samt midlar til vitskapleg utstyr 3,9 mill. kroner. I tillegg har høgskulen fått følgjande supplerande løyvingar: midlar til 30 studieplasser ved Campus Florø på totalt 4,245 mill. kroner., 7,254 mill. til utvikling og drift av partnerskap i grunnskulelærerutdanningane, 15 studieplasser i IKT i Førde på 0,622 mill., 1,8 mill. til forkurs i matematikk samt 0,6 mill. kroner til arbeid med studentrekruttering for grunnskulelærerutdanning 1-7. Total løyving i 2017 er om lag 1,861 mrd. Kroner.

Høgskulen hadde per 31.12.2017 eit positivt driftsresultat på 58,2 mill. kroner, mens resultatet for same periode i 2016 var eit negativt resultat på 45,4 mill. kroner. Resultatet i forhold til løyving er auka frå -2,57% i 2016 til + 3 % i 2017.

Dette driftsresultatet skuldast blant anna at høgskulen framleis har mykje igjen av utviklinga av den nye grunnskulelærerutdanninga. Det er gjort ei avsetjing på om lag 14,3 mill. kroner til dette.

I tillegg står det framleis att mykje av fusjonsarbeidet. Til dette formålet er det gjort ei avsetjing i SAKS-midlane på om lag 12,5 mill. kroner. Aktivitetane ved høgskulen har i 2017 vore prega av fusjonsarbeid, og fokus har i stor grad vore å få organisasjonen på plass som éi verksemd, og noko av aktiviteten har blitt forskyvd til 2018.

Løyvinga frå KD utgjer 90,1 % av inntektene, tilskot/overføringar frå andre utgjer 5,9% og 3,8 % er sals- og leigeinntekter. Inntektssida har auka med 8,4 %, der inntekt frå løyving og sals- og leigeinntekter utgjer den største auken i høve inntekta på same tidspunkt i fjor. Andre driftsinntekter er reduserte, men dette skuldast i all hovudsak klassifisering av prosjekt og utgjer noko av auken i sals- og leigeinntekter.

Tabell 1

Inntektsfordeling	2016 (HIB, HSH og HISF)	2017 HVL	Endring i %
Inntekt frå løyving	1 766 590	1 908 722	8,05 %
Tilskot og overføringar frå andre	120 667	125 971	4,40 %
Sals- og leigeinntekter	58 322	79 967	37,11 %
Andre driftsinntekter	9 030	4 742	-47,49 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 954 609</b>	<b>2 119 402</b>	<b>8,43 %</b>

(Alle tal i heile tusen)

Totalt driftskostnader utgjer 2,06 mrd. kroner. Dette er ein auke på om lag 3,1 % i høve til same periode i fjor.

*Løn og sosiale kostnader* har auka med 2,6 %, og utgjer no 61,5 % av dei totale driftskostnadene, noko som er om lag det same som i 2016 (61,8 %).

*Andre driftskostnader* har auka med 5,8 % samanlikna med same periode i 2016. Noko av denne auken skuldast det ekstraordinære arbeidet, særleg kjøp av tenester, som har blitt gjort i samband med fusjonen. Eksempelvis har det vorte kjøpt inn hjelp til å lage og vidareutvikle nye felles nettsider i tillegg til konsulentbistand i samband med innplassering av leiinga. Husleigekostnadane har også auka med 6,6 % i perioden, frå om lag 322,3 mill. kroner i 2016 til om lag 343,5 mill. kroner i 2017. Husleigekostnadene utgjer no rundt 18 % av løyvinga.

Tabell 2

Driftskostnader	2016 (HIB, HSH og HISF)	2017 HVL	Endring i %
Løn og sosiale kostnader	1 236 344	1 267 832	2,55 %
Andre driftskostnader	687 905	727 514	5,76 %
Avskrivningar	75 774	65 870	-13,07 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 000 023</b>	<b>2 061 216</b>	<b>3,06 %</b>

(Alle tal i heile tusen)

Den eksterne omsetninga (her: all inntekt unntatt løyving frå KD) er om lag 210,7 mill. kroner, noko som er ein auke på om lag 22,7 mill. samanlikna med 2016. Denne auken skuldast i all hovudsak både ein auke i oppdrags-, sals- og leigeinntekter, samt ein auke i tilskot og overføringar frå andre statlege forvaltningsorgan.

Tabell 3

Ekstern omsetning (eks. løyvingar frå KD) ref. note 1 (i tusen kroner)	2016 (HIB, HSH og HISF)	2017 HVL	Endring i %
1. Tilskot og overføringar frå andre statlege forvaltningsorgan	38 922	45 820	17,72 %
2. NFR	42 337	45 450	7,35 %
3. Gåver	3 234	5 036	55,72 %
4. Tilskot til annan bidragsfinansiert aktivitet	34 569	26 601	-23,05 %
5. Tilskot/overføring frå EU	1605	3 064	90,90 %
6. Oppdrags-, sals- og leigeinntekter	58 322	79 967	37,11 %
7. Andre driftsinntekter	9 030	4 742	-47,49 %
<b>SUM</b>	<b>188 019</b>	<b>210 680</b>	<b>12,05 %</b>

(Alle tal i heile tusen)

Den samla bidrags- og oppdragsfinansierte verksemda (BOA) utgjer totalt 106,6 mill. kroner (tilskot anna bidragsaktivitet og oppdrags-, sals- og leigeinntekter i tabellen over), som er ein auke på om lag 13,7 mill. samanlikna med 2016.

Av den samla BOA-verksemda utgjorde oppdragsverksemda (oppdrags-, sals- og leigeinntekter) om lag 80 mill. kroner, noko som er ein auke på ca. 21,6 mill. samanlikna med 2016. Overskotet frå oppdragsverksemda er overført til verksemdskapitalen og var i 2017 om lag 10 mill. kroner mot 5,9 mill. i 2016. Denne auken skuldast i hovudsak at fleire større utdanningsprosjekt vart avslutta i 2017.

Det blei i 2017 overført 3,8 mill. kroner frå verksemdskapitalen til drifta. Dette er brukt til å dekke utgifter knytt til brannhall i Haugesund, jf. tidlegare styrevedtak. Netto auke i verksemdskapital er då i 2017 6,2 mill. kroner. Total opptent verksemdskapital utgjorde 64,1 mill. kroner per 31.12.17, noko som er om lag 6,24 % av totalkapitalen.

Innskotet i statens konsernkonto er auka med om lag 198,2 mill. kroner sidan 31.12.2016, og bankinnskotet utgjorde 680,2 mill. kroner ved periodens slutt. Dette skuldast i stor grad høgare kortsiktig gjeld enn det høgskulen hadde ved utgangen av 2016, primært i forhold til leverandørgjeld (146,4 mill. kroner i 2017 mot 0 i 2016, fordi dei tre institusjonane fusjonerte utan leverandørgjeld). Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) var 1,68 i 2017 mot 2,09 per 31.12.2016.

Det er elles berre mindre avvik i høve til balansepostane i rekneskapen.

Endringane i avrekninga av den løyvingfinansierte verksemda vil bli kommentert i eit eige punkt.

### Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap

Høgskulen hadde budsjettert med eit ordinært driftsresultat for 2017 på om lag 30 mill. kroner, mens resultatet vart om lag kr 58,1 mill. Dette skuldast i stor grad at høgskulen har mottatt fleire ekstra løyvingar i løpet av 2017, mens aktiviteten vil vere delvis forskyvd inn i 2018.

Lønskostnadene er noko høgare enn budsjettert. Det er også overskotet frå oppdragsverksemda.

### Utvikling i avsett del av tilskot til løyvingsfinansiert verksemd

Ved utgangen av 2017 har HVL kr 258,7 mill. kroner i avsette midlar av KD-tildelinga. Ved årsskiftet i 2016 hadde høgskulen ei avsetjing på 207,5 mill. kroner, noko som gjev ein auke på 51,2 mill. Avsetjingsnivået for 2017 utgjer 13,1% av den totale inntektsførte løyvinga.

Tabell 4

Avsett del av løyvingsfinansiert aktivitet	2016 (HIB, HSH og HISF)	2017 HVL
I tusen kroner	207 502	258 655
I % av totale statlege løyvingar	11,09 %	13,08 %

(Alle tal i heile tusen)

Avsetjingsnivået er framleis noko høgt, men ser ein bort frå avsetnaden til bygg på om lag kr 69,6 mill. samt ein positiv saldo knytt til metningsdykkarutdanningsprosjektet (kr 15,9 mill.), utgjer avsetnaden 8,8 % av løyvinga for 2017. Avsetjingane knytte mot Gymnasbygget i Sogndal og mot Kronstad 2, vil bli reduserte etter kvart som arbeidet blir ferdig. Eit noko høgt avsetjingsnivå er no naudsynt med tanke på framtidig investeringsbehov i høve til nye bygg, samt høgskulen si satsing mot universitetsstatus. Styret vil ha ein gjennomgang av avsetjingar i revidert budsjett 2018.

### Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Høgskulen har i 2017 hatt totale investeringskostnader på om lag 43,4 mill. kroner (62,2 mill. i 2016). 2017 er prega av mykje arbeid med fusjonsprosessar. Høgskulen har då hatt eit mindre fokus på gjennomføring av større investeringar. Dei største investeringane som er utførte, er undervisningsutstyr og IT/audiovisuelt utstyr til undervisningslokale i samband med satsinga på digitalisering. Det har i tillegg blitt investert i litt større dykkeutstyr og ein brannhall. Avskrivningane i perioden var om lag 65,8 mill. kroner.

Det er sett i gang rehabilitering og ombygging av gymnasbygget i Sogndal. Innflyttingsdato blir truleg januar 2019. Det er i tillegg planlagd eit nytt bygg på Kronstadtomta i Bergen, med byggstart våren 2018, med innflytting til studiestart hausten 2020.

### Trender og utvikling i inntekter og sentrale kostnader

Høgskulen er ein ny institusjon, og det vil ta tid for organisasjonen å kome på plass. Budsjettsituasjonen i framtida er usikker, både med tanke på vidare effektiviseringskutt i løyvinga, samt korleis dei nye parametrane i Kunnskapsdepartementets fordelingsmodell vil slå ut dei neste åra. Kostnadsnivået, spesielt det som gjeld varige faste kostnader, må vidare stabiliserast i høve til framtidige inntekter, for å kunne halde oppe eit framtidig handlingsrom, ref. universitetsambisjonen og dei auka husleigekostnadene som kjem som følge av dei nye lokala som er planlagde. Auka innsats for å skaffe inntekter utover

statstilskotet vil også vere strategisk avgjerande for at høgskulen skal ha handlingsrom til å gjennomføre dei overordna målsetjingane over tid.


Talet på tilsette har i 2017 auka med 62 årsverk, frå 1 578 per 31.12.16 til 1 640 per 31.12.17, noko som er ein auke på 3,9 %. Denne auken må sjåast i samanheng med både fleire stipendiatar og studieplassar i perioden. Stadig fleire studentar medfører også eit behov for meir personale. Auka tal på tilsette medfører ein heilårseffekt inn i 2018. Styringsmessig er det derfor viktig å balansere drifta inn mot 2019. Samla personalkostnader bør fortrinnsvis ikkje auke vidare i 2018, utan at dette blir sett i samanheng med forventa avgang i åra som kjem. Arbeidet med å utarbeide rekrutterings-/stillingsplanar må ha prioritet i komande periode, dette gjeld både for administrative og vitskapelege stillingar.

Studentdata for vårsemesteret 2017 viser ein auke på 176,8 60-studiepoengseiningar i studiepoengproduksjon samanlikna med 2016 (data for haustsemesteret 2017 finst ikkje enno). Det er venta ein auke i produserte studiepoengseiningar vidare også, men ein noko lågare vekst enn tidlegare år.

Den økonomiske stillinga for høgskulen er god. Både avsetjingane og likviditeten er på eit tilfredsstillande nivå.

HVL ser likevel at det er viktig med stram ressursstyring, spesielt i samband med at det er vedteke bygging av nye lokale med høge kostnader til inventar og innreiing, i tillegg til at dette også fører til auka faste husleigekostnader. Faste kostnader aukar såleis, noko som kan gjere det nødvendige omstillingsarbeidet utfordrande når det gjeld å tilpasse aktivitetar til framtidige rammer. Det blir elles vist til årsrapporten for 2017 og rekneskapen for 2017 med tilhøyrande notar.

Førde 8.mars 2018



Arvid Hallén (styreleiar)



Aina Berg




Kari Kjenndalen



Tom Skauge



Gunnar Yttri



Sissel Johansson Brenna



Marie Eikemo Larsen



Marit Ubbe




Christine Øye



Cecilie Fredheim



Sondre Riisøen



Trond Ueland

# Vedlegg 1: Likestilling, diskriminering og tilgjengelighet 2017

Høgskulen på Vestlandet (HVL) såg dagens lys 1. januar 2017, då Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund fusjonerte. HVL er en av de tre største høgskolene i landet, med om lag 16 000 studentar fordelt på våre fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

2017 er det første året for Høgskulen på Vestlandet. Vi presenterer derfor statistikk for dette året som «år null». Tallene som er hentet fra Database for statistikk om høgre utdanning (DBH), og noen av tallene er kun tilgjengelige som en sammenstilling av tall fra høgskolene som fusjonerte. Vår nye fakultetsstruktur var ikke etablert da rapporteringen til DBH skjedde. Rapporten viser derfor tall fra de tre tidligere høgskolene der det normalt ville vært fakultetsinndeling. Fra 2018 vil vi igjen ha fakultetsvis statistikk å presentere.

Vi har hentet ut tall som illustrerer tilstanden når det gjelder likestilling og alder og har valgt å ikke ta med tall fra alle de gamle fakultetene vi hadde i 2017 men plukket ut de som er mest relevante i likestillingssammenheng. Det fullstendige tallmaterialet er tilgjengelig på [www.dbh.no](http://www.dbh.no). Alle tall i tabellene i denne rapporten er basert på årsverk både faste og midlertidige stillinger, dersom annet ikke er oppgitt.

Rapporten er basert på høgskolerådets veileder «Hvordan oppfylle likestillingslovens aktivitets- og rapporteringsplikt? Anbefalinger og veiledning til universiteter og høgskoler». [http://www.uhr.no/documents/veileder\\_likestilling.pdf](http://www.uhr.no/documents/veileder_likestilling.pdf) I følge anbefalingene i veilederen skal virksomheten rapportere både på tilstand og aktivitet på kjønn, og kun for aktivitet på etnisitet og nedsatt funksjonsevne. HVL rapporterer på de parameterne i veilederen som er tilgjengelige for HVL 2017 og det betyr at det er en del data nevnte veileder anbefaler som vi ikke får rapportert. Det er en ambisjon å kunne presentere flere av disse data for neste års rapport.

Eksempel på data vi ikke kan levere i år er kjønnsdelt statistikk over uttak av velferds- og omsorgspermisjoner, sykefravær og kjønnsfordeling blant søkere til faste vitenskapelige stillinger, innkalte til intervju. Dette skyldes utfordrende tekniske løsninger og mangel på personell til å gjøre den svært arbeidskrevende jobben å produsere slik statistikk manuelt. Vi forventer å få etablert systemer som muliggjør slikt tallmateriale fra 2018 av.

## Kjønnslikestilling

Høgskulen på Vestlandet fikk i 2017 et rent kvinnerektorat. Rektor og de tre prorektorene er kvinner. På dekannivå er 50 % av dekanene (to av fire) dekaner kvinner. 40 % av våre professorer er kvinner. Dette danner et godt utgangspunkt for videre arbeid med kjønnslikestilling. Utfordringen slik vi ser det, er at det fremdeles er for få kvinner i tradisjonelt mannsdominerte fag. For eksempel var det i forsker og undervisningsstillinger ved Avdeling for ingeniør og økonomifag i Bergen 30% kvinneandel, men bare 14% av prosent av professorene er kvinner.

I instituttlederstillingene er 35% kvinner. Ledernivået under instituttlederne er ikke slutført og vi kan derfor ikke presentere statistikk for kjønnsfordeling i dette ledersjiktet, men må nøye oss med å si at likestilling har vært et tema i den prosessen. Den administrative organiseringen er ikke ferdigstilt slik at vi kan heller ikke presentere tall for denne gruppen i 2017.

Høgskulen på Vestlandet har en kvinneandel på totalt 60,63 %. I undervisnings-, forsker og formidlingsstillinger er kvinneandelen 60 %. I det følgende presenteres statistikk som kan gi et bilde av kjønnslikestilling ved HVL. Alle tall er hentet fra Database for høyere utdanning (DBH) og er årsverk faste og midlertidige stillinger.

*Alle tilsatte ved HVL, alle stillingskategorier*

Stillingsgrupper	2017	
	Årsverk (totalt)	Årsverk (% kvinner)
Administrative stillinger	412,03	66,74
Andre stillinger (lærlinger)	11	18,18
Drifts- og vedlikeholdsstillinger	33,58	50,86
Støttestillinger for undervisning, forskning og formidling	71,1	47,54
Undervisnings-, forsknings- og formidlingsstillinger (inkl rekrutterings- og støttestillinger)	1119,35	59,93
Sum	1647,06	60,63

## Undervisnings-, forsknings og formidlingsstillinger

I universitets- og høgskolesektoren er det en vanlig tendens at kvinneandelen synker jo lenger en kommer opp i stillingshierarkiet, særlig på professor/dosent –nivået, også kjent som «saksediagrammet». Denne tendensen finner vi ikke utpregete spor av ved HVL når vi ser på tallene for undervisnings- og forskerstillinger. Her er det en kvinneandel på 41,88 % blant professorene og 38,27 blant dosentene. Det er registrert fem opprykk til professor i 2017, alle er kvinner.

*Alle tilsatte ved HVL, undervisnings-, forsknings og formidlingsstillinger*

Stillingsbenevnelse	2017	
	Årsverk (totalt)	Årsverk (% kvinner)
Amanuensis	1	0
Dosent	16,2	38,27
Forsker*	1,91	47,64

Forsker*	5,2	0
Forsker*	1	100
Førsteamanuensis	269,4	51,5
Førstelektor	96,61	70,18
Høgskolelektor	442,31	68,57
Høgskolelærer	29,11	67,88
Professor	86,2	41,88
Sum	948,94	60,47

\*Det er brukt ulike stillingskoder for Forsker ved de tre høyskolene som fusjonerte og dette gjenspeiles i rapporten ved at det kommer tre forsker-rader.

Følgende tabell viser også gruppen professor II

Stillingskategori	2017	
	Årsverk (totalt)	Årsverk (% kvinner)
<b>Andre stillinger, undervisning, forskning og formidling</b>	13,7	0
Hjelpestillinger for undervisning, forskning og formidling	6,4	43,75
Professor II	10,6	40,57
Rekrutteringsstillinger	128,71	63,64
Undervisnings- og forskerstillinger	948,94	60,47
Universitetsbibliotekar/førstebibliotekar/bibl.aspirant	11	72,73
Sum	1119,35	59,93

Vi har tidligere nevnt at bak de gode likestillingstallene for institusjonen som helhet skjuler det seg områder der vi har utfordringer. I følgende tabell illustrert med statistikk over undervisnings- og forskerstillinger ved de avdelingene vi mener er mest representative for å illustrere likestillingsbildet.

*Undervisnings-, forsknings og formidlingsstillinger Avdeling for ingeniør-og økonomifag Bergen*

Stillingsbenevnelse	2017	
	Årsverk (totalt)	Årsverk (% kvinner)
Dosent	1	0
Forsker	1	0
Forsker	2	0
Førsteamanuensis	63,1	37,4
Førstelektor	9	11,11
Høgskolelektor	61,71	32,57
Høgskolelærer	2,2	9,09

Professor	18,6	13,98
Sum	158,61	29,95

*Undervisnings-, forsknings og formidlingsstillinger Avdeling for ingeniør og naturfag Sogn og Fjordane*

Stillingsbenevnelse	2017	
	Årsverk (totalt)	Årsverk (% kvinner)
Forsker	0,8	0
Førsteamanuensis	18,1	39,78
Førstelektor	2	50
Høgskolelektor	5	30
Høgskolelærer	1	0
Professor	3,8	0
Sum	30,7	31,6

*Undervisnings-, forsknings og formidlingsstillinger Avdeling for helse- og sosialfag Bergen*

Stillingsbenevnelse	2017	
	Årsverk (totalt)	Årsverk (% kvinner)
Dosent	1	100
Forsker	0,2	100
Forsker	1	0
Førsteamanuensis	47,35	76,35
Førstelektor	19,5	94,87
Høgskolelektor	74,5	87,52
Høgskolelærer	9,16	86,9
Professor	16,5	57,58
Sum	169,21	81,86

**Administrative stillinger**

Fra følgende tabell kan vi hente ut data over årsverk og andel kvinner i ulike administrative stillinger. Her vil vi fremheve en kvinneandel på 57,14 i lederstillinger og 69,04 % i saksbehandler-/utrederstillinger.

Stillingskategori	2017	
	Årsverk (totalt)	Årsverk (% kvinner)
Andre drifts- og vedlikeholdsstillinger	14,5	13,79
Andre stillinger (lærlinger)	11	18,18
Andre stillinger, undervisning, forskning og formidling	13,7	0
Bibliotekstillinger	25,8	96,12

Hjelpestillinger for undervisning, forskning og formidling	6,4	43,75
Ingeniører	39,3	22,9
Kontorstillinger	0,83	39,76
Lederstillinger	28	57,14
Mellomlederstillinger	64,9	59,94
Professor II	10,6	40,57
Rekrutteringsstillinger	128,71	63,64
Renholdstillinger	19,08	79,04
Saksbehandler-/utrederstillinger	318,3	69,04
Tekniske stillinger for undervisning, forskning og formidling	6	0
Undervisnings- og forskerstillinger	948,94	60,47
Universitetsbibliotekar/førstebibliotekar/bibl.aspirant	11	72,73
<b>Sum</b>	<b>1647,06</b>	<b>60,63</b>

### Lønnsstatistikk

Stillingskode	Antall ansatte			Gjennomsnittslønn			Andel ansatte	
	Antall	Kvinne	Mann	Alle	Kvinne	Mann	Kvinne	Mann
1013 Professor og professor II (20 % stillinger)	151	<b>62</b>	<b>89</b>	<b>767 658</b>	766 153	768 707	41 %	59 %
1532 Dosent	16	<b>6</b>	<b>10</b>	<b>718 269</b>	726 410	713 384	38 %	63 %
1011 Førsteamanuensis	325	<b>166</b>	<b>159</b>	<b>620 401</b>	614 548	626 512	51 %	49 %
1198 Førstelektor	107	<b>76</b>	<b>31</b>	<b>630 185</b>	626 976	638 054	71 %	29 %
1008 Høgskolelektor	533	<b>352</b>	<b>181</b>	<b>562 695</b>	560 224	567 501	66 %	34 %
Alle adm. tilsette (ikkje leiarar)	476	<b>303</b>	<b>173</b>	<b>493 605</b>	493 322	494 100	64 %	36 %
<b>Sum omfattet av statistikken</b>	<b>1 608</b>	<b>965</b>	<b>643</b>				<b>60 %</b>	<b>40 %</b>

### Aktiviteter for kjønnslikestilling 2017

De tre fusjonerende høyskolene hadde egne likestillings utvalg og råd. Disse tre hadde i forkant av fusjonen et stormøte ledet av prorektor ved HiB som også ledet likestillingsutvalget der. På møtet kom en frem til anbefalinger for det fremtidige arbeidet med likestilling og mangfold i Høgskulen på Vestlandet. Fusjonen er en omfattende prosess og nytt likestillingsutvalg/råd ble ikke etablert i 2017. Utvalget/rådet bør ha representanter for ledelse på alle nivå og ledernivået under rektorat/dekanat er ikke fullt ut tilsatt ennå. Det betyr ikke at likestillingsperspektivet har fått såkalt «vikeplikt». HVL fikk i 2017 et rektorat med tung likestillingskompetanse og dette borger for det gode likestillings og mangfolds arbeidet fra de tre tidligere høyskolene det vil bli videreført i 2018, da også med oppretting av likestillingsutvalg/råd.

### ***Rekruttering av medarbeidere***

Høgskulen på Vestlandet fikk i 2017 et rent kvinnerektorat. Rektor og de tre prorektorene er kvinner. På dekannivå er to av fire dekaner kvinner. På instituttledernivå er 35% kvinner. Prosessen med å tilsette ledere på nivå 4 startet i 2017 og er ikke slutført per dags dato slik at statistikk for denne gruppen ikke foreligger. Likestilling har vært og er et tema i tilsettingsprosessen og det ligger an til at vi får en god kjønnsbalanse i denne gruppen. Tilsetting av ledere administrasjonen er ikke fullført.

Ved utlysning av alle stillinger er det følgende standardformulering:

*«Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad gjenspeile mangfoldet i befolkningen. Det er derfor et personalpolitisk mål å oppnå en balansert alders- og kjønns sammensetning og rekruttere personer med innvandrerbakgrunn. Personer med innvandrer bakgrunn oppfordres til å søke stillingen.»*

Likestillingskompetanse blir etterspurt ved rekruttering av lederstillinger.

Høgskolen i Bergen har elektronisk søknadshåndtering. Der opplyses det om at høgskolen kaller inn minst en person med ikke-vestlig bakgrunn til jobbintervju. Dersom søker har innvandrerbakgrunn og ønsker at det skal registreres kan de gjøre det i søknadsskjemaet. Det samme gjelder for personer med nedsatt funksjonsevne.

### ***Personalpolitiske satsinger***

Kompetanseutvikling er viktig for at høgskolen skal nå sine strategiske mål. Det settes hvert år av egne midler til kompetanseheving i form av likestillingsmidler for kvinner i vitenskapelige stillinger. Et av tiltakene er frikjøp til professorkvalifisering for kvinner.

Mentornettverk for kvinner for videre forskningsutvikling. Mentorprogrammet i BALANSE-prosjektet startet 9. april 2015 og ble avsluttet i 2017 med et opprykkskurs for kvinner som vil søke om opprykk til professor. Dette er et prosjekt som har vært et samarbeid med Universitetet i Bergen. Samarbeidet vil fortsette i 2018 med hele HVL.

## Alder

Seniorpolitiske tiltak og livsfasepolitikk handler ofte om å unngå utstøting ved omstillings- og nedkjøringsprosesser, tilpasse oppgaver og arbeidstid til endrede forutsetninger og gi ansatte en verdig avslutning på arbeidslivet. For Høgskulen på Vestlandet vil det være ulike utfordringer knyttet til alder for ulike stillingsgrupper. Diskriminering på grunn av alder er usaklig forskjellsbehandling og kan være et problem for både unge og eldre.

Gjennomsnittsalder for alle ansatte ved høgskulen er 48 år. Professorene har en snittalder på 56 år.

Enhet	2017				
	Adm. stillinger	Andre stillinger	Drifts- og vedlikeholdsstillinger	Støttestillinger for undervisning, forskning og formidling	Undervisnings-, forsknings- og formidlingsstillinger
	Snittalder	Snittalder	Snittalder	Snittalder	Snittalder
HVL adm	58				
HVL - Bergen	46	20	46	46	50
HVL - Sogn og Fjordane	48	20	45	52	48
HVL - Stord/Haugesund	46	19	54	45	49
Sum	47	19	48	47	49

## Gjennomsnittsalder i undervisnings- forsknings- og formidlingsstillinger

Stillingsbenevnelse	2017
	Snittalder
Amanuensis	59
Dosent	62
Forsker*	37
Forsker*	45
Forsker*	57
Førsteamanuensis	48
Førstelektor	58
Høgskolelektor	50
Høgskolelærer	52
Professor	56
Sum	51

\*Ved innrapportering er det brukt tre ulike koder for forskerstilling

## Årsverk og alder i undervisnings- og forskerstillinger

Stillingsbene- velse/år	25-29	30-34	35- 39	40-44	45- 49	50-54	55-59	60-64	65- 69	70-74
Amanuensis							1			
Dosent						1	4,4	6	3,8	1
Forsker		1	0,71	0,2						
Forsker		0,8	2,5			1	0,5	0,4		
Forsker							1			
Førsteamanu- ensis	1	15,7	44,7	62,1	48,05	26,9	33,25	21,4	16,3	
Førstelektor				6	8	16	22,5	28,31	15,8	
Høgskolelektor	16	38,07	35,4	58,25	66,33	73,84	63,95	57,97	30,8	1,7
Høgskolelærer	1,5	0,6	0,7	3,7	2,7	8,95	3,5	4,86	2,6	
Professor			1	6	14,5	15,8	20,7	18,4	9,8	
Sum	18,5	56,17	85,01	136,25	139,5 8	143,49	150,8	137,34	79,1	2,7

### Aktiviteter mangfold

Alle de tre fusjonerende høgskolene har holdt verdien mangfold høyt i strategier og handlingsplaner. Ny strategi for HVL er ikke ferdigstilt. Et arbeidsmiljø som er inkluderende for alle, er noe vi tilstreber i det daglig, men når det kommer til aktiviteter som er rettet spesifikt mot mangfold, kan vi ikke vise til at vi har kommet i gang med det. På campus Bergen har vi foreningen HomoHiB som får økonomisk støtte fra personalpolitiske tiltaksmidler. Gruppen driver informasjons- og holdningsskapende arbeid for ansatte og studenter i om LBHT relaterte spørsmål.

Internasjonalisering er et satsingsområde for HVL. Vi har i de senere årene rekruttert tilsatte internasjonalt, særlig i stipendiatstillinger og undervisnings- og forskerstillinger. Statistikk over antall nasjonaliteter føres ikke.

Høgskolen arbeider aktivt for å rekruttere studenter internasjonalt. De enkelte avdelinger har egne opplegg for mottak og å ivareta disse studentene. Internasjonalt kontor bidrar også på feltet. Høgskolen nedsatte i 2015 en egen ressursgruppe for å bidra til økt rekruttering av studenter fra Norge med flerkulturell bakgrunn.

### Tilgjengelighet

Høgskolen skal være tilgjengelig for alle og universell utforming er gjennomført i Høgskolens nybygget på Kronstad. Lokalene vi leier er i all hovedsak ombygd å tilfredsstille kravene, jf. byggeteknisk forskrift Tek 10 for universell utforming.

## Vedlegg 2: Årsrekneskap 2017

